



Luster kommune

KOMMUNEDELPLAN FOR KULTURMINNE

VEDLEGG



Foto: Svein Solheim

Vedtak:
Luster kommunestyre 22.10.2020
sak 49/20

INNHOOLD

Vedlegg I	Historier.....	2
	Kulturhistorie og kulturmiljø	3
	Dagens synlege kulturminne i landskapet.....	4
	Førehistorisk tid.....	5
	Historisk tid.....	6
	Ferdsel	10
	Militær og forsvar:	12
	Vasskraft.....	15
	Utvandringa frå Luster til Amerika	16
	Framveksten av det moderne Noreg.....	17
	Motkulturane sine kulturminne - Livssyn og folkeopplysing	18
	Etterkrigstida sine kulturminne	18
Vedlegg II	Definisjonar	20
Vedlegg III	Sikring av kulturminne gjennom freding eller regulering	21
	Lokalitetar som bør vurderast for freding jf. Kulturminnelova §§15, 19 og 20.....	21
	Vilkår for freding	21
	1. Tema: Kunsten i nasjonsbygginga	23
	2. Tema; Arbeidarklassen sine buformer	27
	Husmannsplassen Hestaskårane - gbnr 45/34 i Luster	28
	Strandsitjarstaden Solvorn.....	32
	3. Tema: Helse-Luster – Lyster Sanatorium, Harastølen	37
Vedlegg III	Resultat frå fotokonkurransen 2014-2015	40
Vedlegg IV	41
	Kommuneplanen sin samfunnsdel (KPS) 2018 – 2030	42
	Kommuneplanen sin arealdel (KPA) 2019 – 2030	42

Verdsarvkommunen med den mangfoldige kulturhistoria

«Luster eit kulturhistorisk modellområde»



Urnes stavkyrkje. Foto Luster kommune

Luster er ein vidstrekt kommune med mange bygder og grender inst i Sognefjorden, ved ei av hovudferdselsårene mellom Austlandet og Vestlandet. Variasjonane i landskapet er store, frå grøderike område med høg bonitet i fjordbygdene til opne innlandsbygder og dalar opp mot breane og det alpine landskapet i høgfjellet mellom vest og aust. For dølafolket på Austlandet var fjorden livsnerva ut i verda, og dei havgåande skipa i vikingtida kunne segla inn til dei inste fjordbotnane. Dei store hovdinggardane på dei grøne nesa i høg mellomalderen var setet for kongens menn, og ein av desse var storgarden på Orneset, med høgendiskyrkja (privat) Urnes stavkyrkje som er eitt av våre fremste verdsarvminne.

Dei gode jordbruksbygdene i dei lune fjordbotnane gav grunnlag for makt og rikdom, og gjennom hundreåra etter reformasjonen veks det fram eit lagdelt lokalsamfunn med storgardar, embetsgardar, høgdegardar og husmannsplassar som fører oss fram mot vår tid. I denne utviklinga er Luster i ein interessant posisjon i nasjonal samanheng, som det bygdelaget i Noreg med flest husmannsplassar under dei gode gardane i bygda. Her ligg grunnlaget for ei mangfaldig kulturhistorie med særtrekk frå to landsdelar.


DAGENS SYNLEGE KULTURMINNE I LANDSKAPET

Dette er ein kortversjon av kulturhistoria i Luster som fortel litt om det store landskapet og om tilhøvet til dei kringliggjande fjellbygdene i aust og kystbygdene i vest. Slik me kjenner historia vart den sosiale lagdelinga særleg tydeleg frå 1600-talet, parallelt med folkeauken og presset på jorda. Dette gjev også innsikt i dei grunnleggjande faktorane som forklarar hovudlinjene i den økonomiske og politiske utviklinga fram mot det moderne Noreg. Men først og fremst er det i vår tid kulturlandskapet og kulturminna som fortel om denne lange utviklinga.

Med bakgrunn i kulturhistoria og næringshistoria har Luster framleis eit rikhaldig spekter av kulturminne som vitnar om utviklinga av lokalsamfunnet gjennom fleire tusen år. Kvar for seg og saman fortel desse om eit mangfaldig samfunn, med sjeldsynte og unike kulturmiljø som stavkyrkja på Urnes og steinkyrkja i Dale – vitnemål om samfunns-organisering, makt og rikdom her inne i den tronge fjordarmen inst inne i den lange Sognefjorden. Dagens spor i kulturlandskapet, frå dei tidlegaste tider til førre hundreåret, er mange:

- Forhistoriske anlegg med fangstanlegg og ferdsevsvegar i fjellet, gravhaugar og buplassar i låglandet
- Kyrkjehistorie: 11 kyrkjer som vitnar om samfunnet og rikdommen i høg mellomalderen, med verdsarven Urnes stavkyrkje som ein nasjonal kronjuvel og Dale kyrkje, tre 1600-talskyrkjer og 6 kyrkjer frå nyare tid.
- Storgardane og embetsgardane – med bygningane på Christianeslyst, Flahamar, prestegarden i Luster, sorenskrivargarden i Solvorn og offisersgarden i Kroken – Muntehuset.
- Høgdegardane med Ormelid, Fuglesteg og Skåri som dei fremste.

- Husmannsvesenet med husmannsplassen Hestaskår si lange historie og strandsitjarstaden Solvorn med ein historisk intakt bygningsstruktur i sjøkanten – ein veg ut til omverda frå dei rike gardane i Hafslobygda.
- Stølsmiljøa – 360 stølar og Ormelid som det eldste dokumenterte fleirstølsanlegget i landet, med omfattande bruk av stein som byggemateriale.
- Steinstover som ein eigen byggetradisjon.
- Tobakkshus, torvhus – karakteristiske innslag i næringshistoria
- Sanatoriumet Harastølen – helse og rekreasjon i landskapet
- Anorthositanlegget i Kinsedalen – eit minne frå andre verdskrigen



Luster – det kulturhistoriske landskapet - eit modellområde

FØREHISTORISK TID

Førhistorisk tid er heile den lange perioden frå tida for dei fyrste spora etter menneska i Noreg og fram til tida for dei fyrste skriftlege kjeldene.

I Luster er det gjort mange rike funn frå førhistoriske tid i form av gjenstandar og arkeologiske utgravingar som kan fortelja myke om den tidlegaste busetnaden. Funna er gjort frå fjordbotnen til høgfjellet. I fjellheimen i Luster finst det ei mengd minne etter gamal jakt- og veidekultur som fangstanlegg, leidegjerde for rein, bogestelle og hellarar. I lågare område kan det t.d. vera spor etter åkerstrukturar og stolpar etter bygningar, lausfunn i form av våpen, smykke og bruksgjenstandar. I fjordbotn ligg restar etter trafikken på fjorden gjennom mange hundre år.

Kulturspor som kan knytast til denne tidsepoken er automatisk freda kulturminne jfr Kulturminnelova § 4 og fredinga omfattar ei nærare fastsett sikringssone.

Førhistorisk tid er inndelt i tre periodar:

Steinalderen- fram til ca 1800 f.Kr

Dette er fyrste perioden for menneska sin historie. I Luster er det gjort funn både i låglandet og høgfjellet. Det er gjort nokre få funn i låglandet som t.d. steinøkser, og flintreiskapar. I høgfjellet er det derimot fleire funn knytt til fangstanlegg og mellombelse buplassar. Fangstanlegga inneheld både dyregraver, bogastille og leidegjerde. Det er også gjort funn av buplassar som herberge nær fangstanlegga. Desse anlegga er ikkje teikn på fast busetnad.

På Nedstestølen – heimstølen til Ormelid – er det gjort funn etter brannrydning frå perioden 2 500 f.Kr. Dei eldste sikre dyrkingsspora på garden er også daterte til denne perioden og ryddinga held fram utover i bronsealderen. I Ormelid er det det arkeologiske indikasjonar på rydding og dyrking i fleire periodar også på 1400-talet, og det i område som låg i periferien av den beste dyrkingsjorda. Dette skjedde i ei tid som elles var sterkt prega av kollapsen etter Svartedauden med avfolking både av gardar og heile grender. Sjølv om Ormelid ikkje finst i dei skriftlege kjeldene frå 1500-talet, tyder dei arkeologiske undersøkingane på at det har vore kontinuerleg drift av garden gjennom heile pestperioden.

Ormelid ser heller ikkje ut til å ha vore ramma av jordbrukskrisa i seinmellomalderen. Dei arkeologiske undersøkingane har dokumentert at ein høgtliggjande gard som Ormelid har vist seg å

vere minst like gamal som gardar med større dyrkbart areal og med meir sentral lokalisering nær fjorden (Åstveit 1998, Valvik & Åstveit 1999, Austad & Øye 2001, Øye et al. 2002).

Dei arkeologiske undersøkingane i Ormelid viser at garden har ei mykje lenger tidslinje enn det som vert avspegla i skriftlege kjelder. Dette kan også vera tilfelle med fleire andre gardsområde i Luster. Arkeologiske undersøkingar i samband med byggeprosjekt har i seinare år avdekkja sider ved Luster si historie som ikkje har vore kjend tidlegare. Mykje er framleis «gøymt» i grunnen – og det er viktig at denne historia vert dokumentert når det skal gjerast grunnarbeid i eit område.

Bronsealderen 1800 f.Kr – 500 f. Kr

Som namnet seier er dette perioden då folk gjekk over til å bruka bronse i staden for stein.

I Luster har ein spesielt. Viktige spor i Luster frå denne perioden er skålgroper / offergroper. Dette er små groper hogne ut i fast fjell eller steinblokker.

Dei siste utgravingane i Luster er frå Berge i Fortun. Har vart det hausten 2016 funne spor etter 3 langhus frå denne tida. Husa kan ha hatt ei lengde på 15-20 meter.



Offergrøp Råsane. Foto: Kristen Ormberg

Jernalderen frå 500 f.Kr – 800 e.Kr

Jernaldergarden Modvo (ca 300 – 500 e. Kr) i Hafslo er eit velkjent gardsanlegg frå denne tida i Sogn og Fjordane. Ved utgravingar kring det 30 meter lange hovudhuset vart det gjort funn som fortel om både daglegliv og utstrekkt handelsverksemd og om "storfolka" som budde her. Seinare utgravingar i Solvorn har avdekkja eit langhus, frå yngre romersk jernalder (ca 300 e.Kr.), som er vel 50 meter i langt og 7-8 meter breitt. Vikingtida høyrer også med til jernalderen og dei mange gravhaugane i Luster er truleg frå denne perioden. Med nye metodar for leiting og utgraving av førehistoriske kulturspor kan ein venta å «avdekkja» meir av Luster si eldste historie i åra framover.

HISTORISK TID

I Noreg kom den historiske tida med innføringa av kristendomen og perioden som vert kalla «mellomalderen». Skriftsspråket vart teke i bruk og på det viset er historia dokumentert gjennom skriftlege kjelder.

Kulturspor og faste kulturminne som kan knytast til denne tidsepoken og fram til 1537 er automatisk freda jfr Kulturminnelova § 4. Fredinga for kulturspor omfattar også ei nærare fastsett sikringsone.

"Kronjuvelen" - verdsarvkulturminnet Urnes stavkyrkje, er det fremste vitnet frå denne stordomstida. Dale kyrkje og stavkyrkja som stod i Fortun – seinare flytt til Fantoft utanfor Bergen - har og sitt opphav frå denne tida. På 1600-talet vart fleire av dagens kyrkjer bygde; Joranger kyrkje (1620), Gaupne gamle kyrkje (1647), med vakre bygningsdelar frå ei eldre stavkyrkje, og Jostedal kyrkje (1660). På grunn av folkeauken på 1800-talet vart fleire eldre kyrkjer erstatta med nye og i dag er det i alt 11 kyrkjer i Luster. I 2011 er det også kome for dagen spor etter ein mogeleg kyrkjegard ved Svensøy i Fortunsdalen.

LUSTER EIT MAKTSENTRUM I MELLOMALDEREN

Fleire storgardar i Luster, som Ornes, Sørheim, Kroken og Talsete var tilbake i høg mellomalderen setegardar for norsk høgadel. Eigarane hadde nær tilknytning til dei sentrale maktpersonane i landet

på denne tid og kom til å leggja grunnlaget for utviklinga av viktige trekk i dagens kulturlandskap. Dei eldste kyrkjene i Luster – der fleire vert rekna som nasjonale kulturskattar har sitt opphav i denne maktsamlinga.

Svartedauden, dansketida og reformasjonen er stikkord for samfunnsutviklinga og nedgangstidene etter høgmellomalderen. Oppgangen kom på 1600-talet med ein gradvis folkeauke. Etter kvart som storgardane vart oppløyste, vart mindre gardsbruk skilde ut, og dagens eigeomsstruktur byrja å ta form. Me ser også ei utvikling med auka bruk av utmarksressursane, auka oppdyrking, bygging av steingardar, etablering av nye tunstrukturar og bygningar som har stått heilt fram til 1800-talet og overgangen til vår tid.

«*Det store hamskiftet*» med overgang frå naturalhushald til pengehushald sist på 1800-talet førde også til store endringar i Lustra-landskapet. Utskiftingane på gardane og oppløysing av klyngjetuna førde til store strukturelle endringar. «Einheitslåven» oppstod og etter kvart kom også siloane, stovehusa vart også større. Boka «Noregs låver» har vist stor interesse for fleire av låvane i Luster.

Storgardane

Med dei gamle storgardane og embetsgardane vart det oppretthalde eit overklassemiljø gjennom heile 1800-talet – eit miljø som me i dag forbind med flatbygdene på Austlandet. Det var folka frå desse miljøa – prestegardar, sorenskrivargardar og offisersgardar - som på 1800-talet trekte til seg den unge generasjonen med kunstmålarar i fronten for den gryande nasjonalromantikken. Både Munthehuset på offisersgarden i Kroken og slektsgarden til Gerhard Munthe - og dei mange landskapsmåleria som vart laga på 1800-talet frå Luster, er vitnemål om denne perioden. Skissene til «*Brudeferden i Hardanger*» er teikna i dette området.

Høgdegardane

Dei mange høgdegardane i Luster – med Ormelid si historie 4500 år tilbake i tid – vitnar også om det som var livsgrunnlaget for mange. Den vertikale ressursutnyttinga frå dal til høg fjell kan ha vore føresetnad for tidleg busetjing på mange gardar. Høgdegardane si historie er blitt utdjupa gjennom Vestlandsgardprosjektet, som viser Ormelid si lange tidslinje, plassert sentralt langs ei ferdselslinje mot aust, Dølavegen. Andre sentrale høgdegardar er Fuglesteg og Skåri som no er oppattbygd og nytta til reiselivsføremål, Vormeli – ein overnattingsplass i Utladalen, Optun, Furåsen, Gjerseggi, Rebni, Øygarden, Bergheim, Kroken (ved Ornes), Berge, Kolstad, Råum.

Dei 6 steinstovene som enno står att kringom i Luster er også ein sermerkt byggjeskikk som vitnar om ressursutnyttinga.



Vormeli i Utladalen. [Foto Kim Steffen Moen / ut.no](https://www.ut.no)

Husmannsplassane

For å forstå husmannsvesenet si rolle og plassering i det norske samfunnet og i lokalsamfunnet gjennom fleire hundre år er det avgjerande å vita noko om det historiske landskapet dei var ein del av, og sjå dette i den store samanhengen i høve til det samfunnet dei levde i. Luster er eit godt modellområde for å visa husmannsfamilien sin plass i det lagdelte samfunnet, og å forklara den økonomiske og sosiale skilnaden mellom husmannsplassane, høgdegardane og fullgardane (!!). Husmennene har nok også hatt sine "rangordningar", frå dei fattigaste som mura seg ein buplass inn under ein heller øvst i Dalsdalen til husmannen i Hestaskår, som hadde både blyglasvindauge på loftet og tapet i kammerset, hest og 6 kyr på båsen og eige stølshus.

I dette landskapet, med så mange vitnemål om ei stordomstid, finn me også marginaliteten si historie – småkårsfolket som måtte livnæra seg på ulike måtar for å overleva. I denne tida kom framveksten av husmannsvesenet, som også sette sitt preg på landskapet ved husmannsplassar, strandstover og strandsitjarstadane på Skjolden og Dale, i Marifjøra og Solvorn. Også her var nivåskilnadene store, som for dei sjølveigande gardsbruka, med husmenn som hadde plassar store som små gardsbruk – til småhus i strondi og dei som bygde seg buplass under hellarar oppi dalane. For å forstå husmennene sin posisjon i samfunnet, må dei sjåast ut frå det samfunnet dei levde i og deira plass i det "lokalhistoriske landskapet": eit landskap der husmanns-familiane har levd side om side med både storbonden og småbrukaren. Storfolket sat romsleg fremst i både Urneskyrkja og i Dalekyrkja, medan husmannsfamiliane var trengt saman i bakre rekkje.

Strandsitjar

Likevel var det fjorden som var hovudferdselsåra og ferdsla her la grunnlaget for mykje av aktiviteten som kan sporast tilbake til tidleg mellomalder og førhistorisk tid. Strandsitjarstaden Solvorn har enno ein struktur som kan førast tilbake til mellomalderen og som viser ei allmenn utvikling av små tettstader ved fjorden. Her finn ein framleis ei sjøhusrekke med bolverksbryggjer ut i sjøen, bak desse eit mylder av like bygningar men med ein parallellstilt hovudstruktur ned mot sjøen, og i bakre område eit gateløp parallelt med strandkanten. Dette er slik arkeologane tenkjer seg at til dømes tettstaden i Bjørgvin kan ha sett ut før bydanninga. Bygningane er mykje yngre, men den opphavlege tettstadstrukturen som eit allment element er truleg minst like gamal som stavkyrkjekonstruksjonen. Det fanst også strandsitjarar i fleire stader langs fjorden som t.d. Marifjøra, Luster og Skjolden.



Solvorn-strondi i eldre tid – ca. 1910.
Ukjend fotograf.

Steinabyen i Fortun

På nokre gardar i Luster budde i eldre tid alle husmennene ofte nærast i ei klyngje på same staden. Eit godt døme på dette er Steinabyen, under Skagen i Fortun. Her var det på det meste 8 plassar som låg i ei klyngja innunder den store kampesteinen som har gjeve plassen namn. Det kan godt tenkjast at Steinabyen må ha sett ut som ein landsby og det var knapt med rom mellom husa. Her budde i tillegg til husmenn også legdefolk og innerstar. Jfr bygdeboka vart dei fleste plassane etablert på 1700-talet. (kjelde: Ætte- og gardssoga for Luster). Andre husmannsklyngjer var t.d. Hesjabakken og Lundane i Gaupne.

Stuaflåten

Stuaflåten er ein husmannsplass som ligg i bratta over Lustrafjorden – under Mollandsmarki. Plassen ligg på ei hylle med utsikt til både Ornes og Kroken og har høyrte til garden Ytre Eikum. Plassen er første gong nemnd i skriftelege kjelder frå 1750-åra, men er nok ein god del eldre. Her stod eit stovehus, og noko lengre inne eit stort uthus. Stovehuset står enno, og er såleis bygd medan Stuaflåten var husmannsplass. Uthuset vart bygd opp att 2013.

Det er også kjent at "nabohusmannsplassen" Hilleren som ligg like overfor Stuaflåten var etablert som husmannsplass kring 1660. Det synest også klart at plassar som var etablert på denne tid kan ha ei eldre historie.

Hestaskårane

Hestaskårane eksisterte som husmannsplass alt kring 1660. Mest sannsynleg var plassen etablert før dette året. Hestaskårane låg under Heltne som igjen har høyrte til Dale – og prestegarden.

Eine blyglasvindaugget som har stått i Hestaskårane har same blyinnfatning som vindaugget i Moster kyrkje. Kan henda er det same glasmestaren som har laga desse vindauga tidleg på 1700-talet. Mest truleg kan vindaugget i Hestaskårane ha høyrte til bygningar i prestegarden, og så har dei seinare kome til stovehuset i Hestaskårane – Truleg på slutten av 1800-talet då stovehuset vart påbygd med nytt kjøkken, gang og loft. Stovehuset er truleg bygd i 1802 med gamle bygningsmaterialar frå eldre bustadhus i bygda.

Krydder i landskapet; dei mange små husa

Dette er ei lita historie om dei kulturminna som utgjer «krydderet» i Lustrabygdene sitt kulturhistoriske landskap. Dei små «unnelege» bygningane som har gått ut av bruk – som mange tek som sjølvstekt skal stå der – men som no forsvinn gradvis – eitt etter eitt.

Framleis står det høyløer kringom i bygdene, men det vert færre kvart år. "Dagmar" sveipte med seg fleir løer jola 2011. Den snøtunge vinteren 2015 har trykt fleire ned til bakken.

Høyløene vitnar om den intensive ressursutnyttinga som var i eldre tid. Kvar gard kunne ha fleire høyløer både i heimemarka, på stølen og på teigar i utmarka. Høyet vart ofte transportert heim på slede vinterstid, eller løypt ned med løypestreng. Løene vitnar om den intensive ressursutnyttinga som måtte til for at folk skulle overleva. Høyløa, og seinare høyløftet på låven, er for lengst avløyst av rundballane i plast.

Mange gamle bygningar, deriblant høyløer, blir i dag ikkje brukte, og vil i mange tilfelle forfalle. Ei bruksendring til jakt-/fiskebu kan vere ein måte å redde slike løer frå forfall. Det vil vere nyttig å vurdere om det er eit ynskje at løer skal takast vare på som kulturminner, og om det i so fall er rett å ta vare på slike bygningar ved å tillate bruksendring.

Også *siløane* er i ferd med å forsvinna. Denne forma for konservering av gras byrja så smått etter krigen. Den utvikla seg i takt med at traktorane vart allemannseige på gardane. No er andre konserveringsteknikkar i ferd med å overta og første generasjons siloer er i ferd med å verta historie.

Jordkjellar / potetkjellar:

Jordkjellar var ofte bygd inn i bakken og mura vegger ytst. Slik kunne ein utnytta jordvarmen og hindra at poteter og grønnsaker fraus på kalde vintrar.



Mange som køyrer til Nørdstedalseter tek ein stopp i Bakli der grue/skorstein og vestveggen framleis ragar i landskapet. Foto: Luster kommune



Potetkjellar. Foto: Inger Moe

Jordkjellarar er i hovudsak registrert i Jostedalen og på Hafslo.

Turkehus

Turkehus/turkestova har som oftast eit rom som er lafta eller mura opp, og inneheld ein steinomn og hyller inste delen av rommet. Her vart korn og malt lagt til turking. Turkehuset ligg, slik som smia og eldhuset, eit stykke unna tunet.

Tobakksdyrking

Slutten av 1800-talet førde til ei nyutvikling i området. Utvandra lustringar som hadde lært tobakksdyrking i Amerika kom heim att og lærde villig vekk kunnskapen sin. Luster vart den største tobakkskommunen i landet, og framleis står det att særmerkte tobakksturkehus kringom i kommunen. Staten tapte tollinntekter på tobakksdyrkinga og produksjonen vart avvikla på 1930-talet.

Tobakkshusa er jamt over høge som ein toetasjes bygning. Husa er bygd i reisverk med ein glisen bordkledning for å få luftgjennomstrøyming til turkinga. Det er få tobakkshus att i Luster i dag. Men husmannsplassen Hestaskårane har det desidert minste på 4 m².



Tobakkshuset i Hestaskårane

Intensiv utmarksbruk og stølsdrift

Bruk av utmarksressursane har vore ein føresetnad for livberginga i Lustrabygdene. Fangstanlegg i fjellet er dei fyrste vitnemåla om dette. Mange er registrerte – endå fleire er funne og ikkje registrerte. Derimot vitnar dei 360 registrerte stølane i boka «*Stølar og stølsliv i Luster kommune*» om ein omfattande utmarksbruk fram til førre generasjon. Ormelid Øvre er Noreg sitt eldste dokumenterte fleirstølsbruk frå 1250. Døme på andre særmerkte stølsområde er m.a. Nystølen (Ornes) Kveken og Dalen i Kinsedalen og Kringla (Luster).



Kveken i Kinsedalen. Foto Luster kommune

FERDSEL

FJORDAVEGEN

Fjorden var «muligheitene» sin veg og dei store havgåande skipa i vikingtida segla til dei inste fjordbotnane. På jernaldergarden Modvo er det funne prov på at lustringane tidleg hadde samband med land lenger sør i Europa. Her er det funne t.d. romerske myntar og glasperler og gravgodset elles vitnar om eit folk med høg status. Framveksten av handelsstaden Bergen gav rom for ein aukande produksjon av ulike handelsvarer som vart frakta til byen og vidare ut i verda, og med meir eksotiske varer i retur. Også for Dølafolket på austsida av fjellet var fjordavegen viktig som handelsveg. Dei gode og grøderike gardane gav også grunnlag for at borgarskapet i byane kunne busetja seg her.

Naust, sjøhus og kaiar

Med trafikken på fjorden kom det bygningar for både varer og båtar. Steinnausta vart eit karakteristisk innslag i Lustrafjorden og det vaks fram større og mindre strandsitjarstader med ei blanding av både sjøbuer og naust. Solvorn er eit godt døme på eit slikt sjøhusmiljø. På dei store vatna som Hafslo- og Veitastrondsvatnet var båtane viktige til fiske og/eller ferdsel.

Kaiane vart med framveksten av dampbåtane, eit sentralt kommunikasjonsknutepunkt. Bolverkskaiane måtte ofte gje tapt for isgangen i fjorden. Dette galdt både Marifjøra, Døsen, Høyheimsvik, Sørheim og Skjolden. Etter kvart vart bolverkskonstruksjonen erstatta med betongkaiar.



Naust ved Veitastrondsvatnet
Foto: Astrid Heggstad

FJELLVEGANE

Ferdsla over fjellet har alltid vore stor. Både for veiding, handel, hærferd, pilegrimferd, driftehandel, og reiser i embets medfør og verdsleg ærend. Mellomaldervegen "Dølavegen" – med sine mange vardar som kan vera både frå mellomalderen og førhistorisk tid - er synleg dokumentasjon på denne samferdslehistoria. Driftevegane fortel også ei historie om ferdsel i fjellet langt tilbake i tid. Luster var også ein arnested for dagens fjellturisme. Herberget i Ormelid er truleg den bygningen i Luster som har lengst tradisjon, og den kan ha sitt opphav som fjellstove tilbake til mellomalderen. Desse kom i tillegg til dei gamle handels- og gjestgjevarstadene som kan først tilbake til 1600-talet (Walaker, Døsen, Fuhr, Dalsøyri, Eide), og skysstasjon i Optun. Utover på 1900-talet gjorde også DNT seg gjeldande i våre fjellområde, og overnattingshytter i fjellet vart bygd mange stader. I 2009 vart ei av desse freda; Arentzbu i Breheimen Nasjonalpark.

Fjellvegane, vardane og mange hellerar vitnar framleis om den omfattande ferdsla over fjellet.



Klovsteinsvarden – ved grensa mot Lom kommune.
Foto: Luster kommune

VARDAR

Vardar vart også nytta for merking av ferdselsveggar i høg fjellet. Truleg har det også vore merking av vegar i låglandet, men korleis dette var veit ein lite om. I dag finst det fleire stader restar etter varderutene som var merka over høg fjellet. I seinare tid har fleire ruter vorte leita fram att og ein veit meir om korleis merkinga vart gjort. Også i Luster finn ein slike varderuter og Dølavegen – frå Høydalen i Lom via Ormelid og til Fortun er ein av desse gløynde ferdselsvegane som er leita fram att. Det er funne vel 40-50 vardar som viser kvar vegen har gått i høg fjellet. Desse har lege urørt sia vegen meir eller mindre gjekk ut av bruk kring 1870-talet. Erling Ormelid var den siste som kunne fortelja om kvar vegen gjekk. Vardane er av ulik storleik og form – og har mykje til felles med vardar funne på Dovrefjell, i Ryfylke og Hardangervidda.

VARDE SOM TRIGONOMETRISKE PUNKT

I samband med den statlege oppmålinga av landet på slutten av 1800-talet vart det i regi av statens kartverk etablert vardar på ei rekkje fjelltoppar i landet og ein av desse var Store Dyrhaugstind. Installasjonane der er i dag freda. Fredinga omfattar ein varde, koparbolt og ein sikringsbolt. Føremålet med

fredinga er å sikre at element knytt til varden sin opphavlege funksjon vert teke vare på for framtida og representerer i dag den statlige oppmålinga av Norge

DRIFTEHANDEL

Luster var også eit knutepunkt for driftehandelen. Driftehandel, som går tilbake til mellomalderen, var basert på oppkjøp av husdyr – spesielt hestar og kyr - og etter ein lengre beiteperiode sumartid vart dyra samla på seinsumaren og drivne over fjellet til større handelsmarknader. Av tre hovudruter i fylket gjekk ei av dei over breen og gjennom Luster. Anten vidare opp frå Kroken eller via Skjolden og Fortun. Driftevegane fall som oftast saman med andre ferdsevegane. I dag er historia som oftast knytt til stadar der det var samling av drifter og beiteområde sumartid. I Luster er dette Fehagen i Fortun. Murane på Svensøystølen kan også ha vore samlingsplass for drifter som skulle over fjellet via Ormelid eller Nørdstedalen.



Murane på Svensøystølen. Truleg brukt i tilknyting til driftehandel.

MILITÆR OG FORSVAR:

Varslingssystema

Vete er ein trestabel som i tidlegare tider vart sett opp på fjelltoppar for å varsle om krig. Dette er fortida sitt «telekommunikasjonssystem». For å varsle krig og ufred vart veten tent så folk vart varsla. I nyare tid har vete vorte ei nemning på ein haug med steinar som vert lødd opp som vegmerke.

Vardane var del av eit varslingsystem basert på lyssignal. Som regel var dei konstruksjonar av stein eller tre som var plasserte på høgdedrag i terrenget. I ufredstid kunne vardane få egne vetevakter, og ved eit eventuelt åtak ville vardane verta tende. På denne måten kunne meldinga sendast over store avstandar. Systemet er kjend over heile verda. I Europa er det spesielt dei vetesystema som var i bruk i det klassiske Hellas og i Romarriket som er kjende.

I Skandinavia vart vetar truleg nytta så tidleg som i den eldre jernalderen, men kan ha vore i bruk tidlegare. I Noreg er det spesielt to periodar som er kjend for vardebygging og veteteneste. Den første er frå Håkon den gode si tid fram til byrjinga av 1300-talet, medan den andre er frå Kristian IV av Danmark-Noreg si tid fram til 1814. Vetetenning kunne vera eit signal på at leidangen skulle bu seg til strid. Leidangen var eit system der bøndene langs kysten utrusta skip og stilte mannskap.




To av tre vardar på Lobergfjellet over Ornes-Kroken. Kan dette vera ein del av eit vetesystem i Lustrafjordene? Siktlinje til både Vetanosi i Lærdal og kyrkjene på Ornes, Solvorn, Gaupne, Nes og Dale kyrkje.

Foto: Luster kommune

Det første vetesystemet i Noreg skal ha gått langs heile kysten frå Båhuslen til Varangerfjorden. Det var òg avgreiningar innover fjordane.

Under kong Kristian IV på 1600-talet, vart eit mogleg åtak frå Sverige avgjerande for plasseringa av vardane. Systemet vart no laga til frå svenskegrensa innover

Austlandet og Trøndelag, med avgreiningar innover dalføra. Enkelte vardar frå denne tida har vorte teke vare på fram til nyare tid. Ein vete vart stort sett utgjort av 3–3,5 meter lange trestokkar stabla i ein ring på mellom fire og fem meter. Ved vardane kunne det verta sett opp vardehytter av tre eller stein. I Lærdal er det gjort ei grundig kartlegging av vetesystemet og det er all grunn til å tru at det finst tilsvarende i Luster.



[Vetene i Lærdal – kjelde; Leksikon fylkesarkivet](#)

EKSERVOLLEN BERGENHUSISKE REGIMENT - LYSTERSKE COMPAGNI

Lysterske Compagni er også omtala som «*Nordre Indresognske Compagni av Bergenhusiske Nationalinfanteriregiment*». Både på Kvalsøyri i Luster og i Solvorn var det frå 1600-talet lokale eksersisplassar for Nordre Indresognske Compagni. Kvalsøyri var den viktigaste, og der har ein framleis stadnamna Ekservollen og Telthusmyri som minne om militærtida.

Ekservollen var den gamle allmenningen i Luster, og plassen vart nytta til 1871. Eit telthus (utstyrshus) frå denne eksersisplassen vart seinare rive og sett opp som ekspedisjonsbygning og handelsbu på Eide i Skjolden. Dette bygget vart restaurert på slutten av 1990-talet.

KINSEDALEN OG ANORTHOSITTEN

For å sikre råstoff til aluminiumsproduksjon i Årdal kjøpte Hydro i 1918 rettane til anorthositt-felta i Kinsedalen. Hydro starta dagbrot i eit lite felt like ved fjorden og bygde ein utskipingskai. Men i mellomkrigstida var produksjonen lagt ned. I 1940 starta Norsk Hydro opp att lenger oppe i Kinsedalen. På kort tid vart det bygt opp eit gruvesamfunn der det arbeidde kring 400 mann. Tilreisande arbeidarar budde i brakker som låg ved fjorden eller ved dagbrota på fjellet. Ved fjorden vart det bygt ny kai på 100 meter, verkstad, mannskapsmesser, kontor og bustadhus for ingeniørar og funksjonærar.

Ved steinbrota vart det bygd store fjellhallar for knuseanlegg og siloar, og i 1941 ei jernbane frå sjøen og m.a. i ein 300 meter lang tunnel opp under siloane i fjellhallane. I 1943 vart det i tillegg bygt ei ekstra trallebane som frakta folk og utstyr mellom sjøen og steinbrota.

I 1942 tok tyskarane sitt Nordag-selskap opp att brytinga av anorthositt i førekomsten ved sjøen der det hadde vorte teke ut stein under 1. verdskrig. Arbeidarane på dette anlegget var for det meste folk som var tvangsutskrivne til arbeidsteneste for okkupasjonsmakta. Norsk Hydro sin aktivitet i Kinsedalen slutta tvert då aluminiumsfabrikken på Herøya vart lagt i grus av allierte bomber i 1944. I løpet av nokre dagar var bygda «tom» for folk. Like etter krigen vart det gjort eit mislukka forsøk på produksjon av anorthositt som råstoff for aluminiumsverket i Høyanger. **(kjelde Fylkesleksikon)**

I dag er det berre få fastbuande att i Kinsedalen. Men ei svær kai og nokre gamle hustufter minner om at denne bygda i nokre hektiske krigsår var eit gruvesamfunn som talde 400 arbeidarar.

fjorden og opp. Her vart både folk og varer frakta opp og ned. Ei årsak til plasseringa var det gode klimaet i Lustrafjorden. I tillegg var ein også tidleg klar over vasskrafta sin verdi, og sjukehuset fekk installert ein av dei fyrste private vassturbinane i landet.

Noverande taubane (gondolbane) frå 1955 som delvis vart riven i 2012, erstatta den opphavlege taubana.

Etter kvart vart det bygd opp eit eige lite samfunn høgt opp i lia med m.a. desse bygningane; overlegebustad, søsterbustad for dei tilsette, familiebustader for fyrbøtar og gartnar, kapell med likhus, postopneri, vaskeri, ishus, stall og grisehus. Både kinotilbod og eit rikhaldig bibliotek vart etablert, i tillegg til eigen folkeskule og melloms skule for borna til dei tilsette som budde der oppe. Dette vart ein kjærkomen arbeidsplass for mange lustringar. I dag utgjer anlegget 20 bygningar som er bygd til ulike tider gjennom 1900-talet.

Sjukehuset med bygningsmiljø og uteområde representerer karakteristiske element i eit elles typisk fjordlandskap. Bygningane på Harastølen representerer stor breidde både i funksjonstypar og stilartar. Harastølen er også historia om utviklinga av dei store helseinstitusjonane som etter kvart vart viktige kvinnearbeidsplassar. Dette er motstykket til «industriarbeidarmannen» som i Telemark fekk «sin» verdsarv.

Sia sjukehuset er privat eigd vart det ikkje vurdert i Helse og omsorgsdepartementet sin landsverneplan for staten sine kulturhistoriske eigedomar. Sia 2000 har det vore eit kraftig forfall av bygningane. Både inventar og bygningar er ramponerte, og mangel på vedlikehald pregar dei mindre bygga. Harastølen representerer likevel kulturminneverdiar på nasjonalt og truleg på internasjonalt nivå. Spørsmålet er om det er vilje på nasjonalt nivå til å ta vare på desse kulturminneverdiane som også fortel viktige sider ved utviklinga av kvinnearbeidsplassar i det industrialiserte samfunnet?

Alternativet er at ein bygning knytt til Harastølen vert teke vare på og at det vert etablert ei utstilling med foto og gjenstandar frå Harastølen som kan dokumentera denne viktige nasjonale historia i framtida.

UTVANDRINGA FRÅ LUSTER TIL AMERIKA

(KJELDE: FYLKESLEKSIKON)

Folketalet i Luster er i dag kring 5000. Luster vart ein av dei store utvandrarkommunane i Sogn frå 1845 til hundreårsskiftet. I alt reiste 6.500 personar frå Lustra-bygdene i åra mellom 1845 og 1900. den store armoda var nok hovudårsaka.

Den sterkaste utvandringa var frå Luster prestegjeld, som åleine hadde 3.500 utvandrarar i denne perioden. Kring 55 prosent av alle borna som var fødde mellom 1851 og 1860 i Luster, utvandra til Amerika. I Luster som elles i Sogn, førte den sterke utvandringa frå 1840-talet og fram på 1860-talet til ein sterk nedgang i folketalet.

Gjenbruk av bygningar

”Hus på vandring” fortel historier om det gamle bondesamfunnet, om folk og levkår i tidlegare tider. Gjenbruk av bygningsmaterialar var sentralt i ei tid med knappe materialressursar.

Flytting av bygningar og gjenbruk av bygningsmaterialar var ein gjennomgåande måte å nytta ressursane på. Når det t.d. skulle byggjast nye stovehus på sjølveigande gardar kunne materialane frå det gamle stovehuset ofte verta teke i bruk til eit nytt sel, husmannsstove for så i tredje runde å verta brukt til ein låve eller ei utløe. Materialar frå kyrkjer vart t.d. nytta i løer, fjøs etc.

I Luster er det ikkje uvanleg å høyra om bygningar som har tidlegare har står «her» eller «der» og stokkar i løer, sel, naust osv. som viser spor etter ein tidlegare laftekonstruksjon.

«Gjenbruksbygningar» har ikkje fått den statusen dei fortener i bygningsvernet. I antikvarisk samanheng vert materialar i slike bygningar gjerne sett på som lite autentiske. Det er ulike former for gjenbruksbygningar:

- Bygningar som i si heilheit er flytta
- Bygningar der dei beste materialane vart nytta opp att og dei dårlege vart skifta ut ved flytting
- Materialar som vert nytta opp att i «nye» bygningar – t.d. kyrkjematerialar i låven på Hotell Walaker

Gjenbruk av bygningar og materialar var viktig i ein ressursamanheng. I mange område kunne det vera dårleg tilgang på tømmer, og tømmer frå bygningar som skulle rivast kunne for mange vera ei rimeleg løysing.

Handverksteknikkane og byggekostandene gjorde at husa hadde lang levetid og førde til at byggjematerialet vart nytta opp att fleire gonger. Tradisjonen heldt seg til langt ut på 1900-tallet, og nye byggeteknikkar gjer dette til ei nesten umogeleg oppgåve i dag.

Slike gamle hus er ei kjelde til kunnskap om Lustra-samfunnet som me ikkje finn i skriftlege kjelder. Dette er hus som har materielle spor etter ei immateriell historie og som det er viktig å få fram og som fortel ei historie og livet til våre formødre og forfedre. Dette kan vera historier om samfunnsutvikling, om menneske sine skjebnar og samfunnsforholda dei levde under, og kan gje oss eit blick av deira kvardag.

Den fremste «gjenbruksbygningen» i Luster er Urnes stavkyrkje. Kyrkja vart bygd kring 1130 – med bygningsmaterialar frå ei eldre kyrkje, bygd kring 1070. Både nordportalen som er avgjerande for at kyrkja står på UNESCO si verdsarvliste og andre bygningsdelar er å finna i den «nyare» kyrkja. Materialar frå gamle Solvorn kyrkje er å finna i fjøsen / galleriet på Walaker Hotell. I stovehuset på husmannsplassen Hestaskårane er det ein mosaikk av gjenbruksmaterialar – truleg frå fleire bygningar frå Prestegarden eller Nygard.

Steinbygningar

Steinhus er bygningar bygd med naturstein som hovudmateriale. Bygningstypene er kjend frå ulike delar av landet. Bruk av stein som bygningsmateriale i Luster fortel også om knappe ressursar når det gjeld tilgang til tømmer.

Veggene i steinstovene og sela er konstruert som ein dobbel mur, stein utvendig og innvendig, med mold til isolasjon i mellom. Over steinkonstruksjonen var det trebjelkar som ber eit loft eller ein lem. Taket var ofte tekt med torv eller skifer. Bruk av stein til bygging av hus kan seiast å vera eit særmerke for Luster. Med dårleg tilgang til bygningsmaterialar av tre vart stein brukt som eit alternativ. I Luster har det vore tradisjon med å byggja både stove, fjøs, naust og sel i stein. Dei siste steinstovene som har vore i tradisjonell bruk er den freda steinstova i Ormelid og steinstova i Fåberg. For nokre år sia vart steinstova i Fuglesteg bygd opp att og vert nytta som DNT-hytte. Steinstova i Skåri er også bygd opp att brukast i reiselivsføremål.

Utfordringa i framtida vert å sikra eit representativt utval av slike bygningar.

FRAMVEKSTEN AV DET MODERNE NOREG

Skulestover

Med framveksten av den folkeskulen vart omgangsskulen kring 1860 avvikla og fast skule skulle vera regelen. Med dette kom det også i gang ei omfattande bygging av skular i landet. Sist på 1800-talet var det om lag 34 skulekrinsar i Luster og dei fleste hadde skulestover. Dei eldste som står i dag er skulestovene på Ornes og i Vigdalen. Andre er framleis i bruk som lokale forsamlingshus / grendehus.

Med dei eldste skulestovene kan ei viktig historie i nær fortid fortelja mykje om utviklinga av det norske samfunnet dei siste 150 åra.

Skule i Kinsedalen og Kroken

Frå 1946 til 1952 vart det drive yrkesskule i dei tidlegare gruvebygningane i Kinsedalen.

I løpet av desse åra tok i alt 200 elevar eksamen på mekanikk-, elektrisk-, møbel-, maskinsnikring- og husbyggjarlinene ved skulen. I desember 1952 brann messe- og bustadbrakka ved skulen i Kinsedalen, og yrkesskulen vart flytta til Sogndal.

MOTKULTURANE SINE KULTURMINNE - LIVSSYN OG FOLKEOPPLYSING

I andre halvdel av 1800-talet vaks det fram store folkelege rørsler på det religiøse, språklege og alkoholpolitiske området rundt om i Noreg. På mange måtar var dette periferien sin motstand mot sentrale styresmakter. Dei mange rørsleane har òg sett fysiske spor over heile landet, og særleg på Vestlandet, som bedehus, ungdomshus, kaffistover, avhaldslosjar, forsamlingslokale og skulestover. Dette var bygningar og møteplassar som var viktige for mange lokalsamfunn, men som no er i ferd med å forsvinne. (Kjelde: ra.no)

FORSAMLINGSHUS

Som del av folkeopplysingstida sist på 1800-talet vaks det etter kvart fram ulike organisasjonar på bygdene. Dette var dei frilyndte, religiøse, fråhaldsrørsla, fagrørsla, idrettslag, skyttarlag og mange andre. Engasjementet var stort og dei trengde plassar for å samlast og etter kvart kom det opp egne forsamlingshus. Fleire av skulane i Luster fungerer i dag som forsamlingshus og dei organisasjons-eigde husa har ikkje lenger same funksjonen som tidlegare. Endringar i organisasjonsaktivitet er medverkande til at bruken av bygningane er mindre.

Bedehusa

Fyrste bedehuset i kommunen vart bygd kring 1840. I Luster står det i dag nokre hus som opphavleg er bygd som bedehus, og nokre har fått endra funksjonar.

Filosofien

I dette landskapet var det den store filosofen Ludwig Wittgenstein fann roen til å tenkja og skriva sine store verk. Og det var det same kulturlandskapet som vart foreviga på lerret av landskapsmålarane som kom hit på 1800-talet.

ETTERKRIGSTIDA SINE KULTURMINNE

Gjenreising stod i fokus etter 2.verdskrigen var slutt. Det mest omfattande gjenreisningstiltaket var vel Hydro si kraftutbygging i Fortun. Denne var for å sikra kraft til aluminiumsanlegget i Årdal.

Frå tre kommunar til ein:

Alle tre kommunane hadde egne kommunehus ved samanslåing i 1965:

- Hafslo – kommunehus frå 1955 – er i dag privat bustadhus
- Jostedalen – kommunehus frå 1949 - er i dag privat bustad
- Luster – kommunen leigde lokal i Luster Sparebank sitt bygg frå 1913 - er i dag privat bustad

Det nye kommunesenteret vart Gaupne. Gaupne hadde ikkje hatt sentrale funksjonar utover dei to kyrkjene. Røneid på andre sia av elvi hadde på 1800-talet handel og gjestgiveri. For Gaupne sentrum

vart det laga ein reguleringsplan og sentrale bygningar i planen var Rådhuset og handelssenteret Pyramiden.

Rådhuset i Gaupne som vart bygd i 1968 har store arkitektoniske kvalitetar. Det var planlagd slik at det kunne byggjast kulturhus i forlenging av hovudinngangen. Både innvending og utvendig vart det lagt vekt på gode kvalitetar – som estetikk og materialkvalitet.

Kulturhuset vart ikkje reist, men i 1985 vart handelshuset Pyramiden opna to steinkast unna. Dette var fyrste handelshuset i fylket og har vore viktig i høve å utvikla kommunesenteret som handels- og møteplass. Pyramiden har også gode kvalitetar som ein møteplass med opne løysingar


Landbruk

I 1975 kom «opptrappingsvedtaket» Vedtaket vart fylgd opp med ei stortingsmelding i 1976 som vart startskotet for ein periode med sterk produksjons- og inntektsvekst for landbruket.

Dette sette sitt preg på bygdene med fyrst og fremst nye typar driftsbygningar, og etter kvart nye våningshus. Gardstuna endra seg gradvis.

Byggjefelta

Byggjefelta kom også til å gjera seg gjeldande i bygdene i Luster. Gaupne og Hafslo vart dei fyrste med typeteikna hus. Etter kvart er dette vorte den vanlege forma for bustadbygging i heile kommunen.



Kjelder:

Kjelder som er brukt i dokumentet er i hovudsak:

- Forvaltningsplan for Ornes
- Forvaltningsplan for Solvorn
- Bygdebøker for Luster
- SEFRAK – kulturminneregistreringar for Luster
- www.fylkesatlas.no
- www.askeladden.no
- www.kulturminnesok.no

VEDLEGG II DEFINISJONAR

Fast kulturminne

Nemninga blir brukt om kulturminne som er jord- eller stadfaste. Funn av gjenstandar inngår som delar av eit fast kulturminne så lenge dei ligg i jorda eller under vatn.

Immateriell kulturarv

Immateriell kulturarv betyr praksis, framstillingar, uttrykk, kunnskap og ferdigheiter. For kulturminneforvaltinga er den immaterielle kulturarven knytt til det vi ikkje kan ta på ved eit kulturminne. Dette gjeld til dømes tru, tradisjonar, segn og hendingar

Kulturarv

Samlenamn for materiell og immateriell kultur.

Namnet kulturarv blir særleg brukt i samarbeidet mellom kulturminneforvaltinga, arkiverket og museumssektoren, saman med kommunane og lokale lag og foreiningar.

Kulturminne

Kulturminne er alle spor etter menneska sine liv og verke i det fysiske miljøet. Omgrepet omfattar også stader det knyter seg historiske hendingar, tru eller tradisjon til. Naturelement som har kulturhistorisk verdi er òg kulturminne, eller kan inngå som del av eit kulturminne.

Kulturminne kan for eksempel vere bygningar, hagar, gravhaugar, helleristningar, båtar eller vegfar. Desse kan vera frå tidlegare tider eller frå vår eiga tid. Me skil mellom lause og faste kulturminne

Kulturmiljø

Eit kulturmiljø er eit område der kulturminne inngår som del av ein større heilskap eller samanheng. Kulturmiljø kan ein finne i både byar og tettstader, i jordbrukslandskap og i skog og utmark

Laust kulturminne

Nemninga vert brukt om kulturminne som er flyttbare.

Listeført kulturminne

Eit kulturminne som etter ei kulturhistorisk vurdering er identifisert som verneverdig og oppført på ei liste over objekt som skal forvaltast på ein nærmare definert måte. Både kulturminne som er formelt verna (ved lov eller forskrift) og kulturminne utan formelt vern kan vere listeførte.

Eksempel på listeføring er NB!registeret – ei liste over særleg verneverdige kyrkjer, Landsverneplanene sin verneklasse 2, Fartøyvernlista og Gul liste frå byantikvaren i Oslo.

Vedtaksfreda kulturminne

Eit vedtaksfreda kulturminne blir i dag freda gjennom vedtak etter kulturminnelova eller svalbardmiljølova. [Vedtaksfredingar etter kulturminnelova](#) kan omfatte alle typar kulturminne yngre enn 1537, ståande byggverk yngre enn 1649, kulturmiljø og farty. [Vedtaksfredingar etter svalbardmiljølova](#) kan omfatte kulturminne yngre enn 1945.

SEFRAK-bygning

Nemninga blir brukt om bygningar som blei registrerte i regi av SEFRAK (Sekretariatet for registrering av faste kulturminne) i åra 1975-1995. Registreringane omfattar i prinsippet alle bygningar som er bygde før 1900, men i enkelte område vart grensa sett noko lenger fram i tid, for eksempel i Finnmark (alle bygningar før 1945.) Det einaste kriteriet for registrering var alder på bygningen

Kjelde: <https://www.riksantikvaren.no/ordlister-med-ordforklaringar-nynorsk/>

VEDLEGG III

SIKRING AV KULTURMINNE GJENNOM FREDING ELLER REGULERING

Lokalitetar som bør vurderast for freding jf. Kulturminnelova §§15, 19 og 20

Vedlegget omtalar 3 område med framlegg til freding og eitt område med framlegg til regulering til spesialområde kulturminne. Dei fire områda er:

Lokalitet	Heimel	Fredingstema:	Ansvar	Samarbeid med
Muntehuset, Kroken	Freding av bygningar og anlegg m.v. frå nyare tid og område rundt freda kulturminne jfr §§15 og 19	Tema: «kunsten i nasjonsbygginga»	Fylkeskommunen / riksantikvaren	
Husmannsplassen Hestaskårane	Freding av bygningar og anlegg m.v. frå nyare tid og område rundt freda kulturminne jfr §§15 og 19	Tema: Arbeidarklassen sine buformer Husmannsplass med 6 bygningar med ei historie tilbake til 1600-talet.	Fylkeskommunen / riksantikvaren	
Strandsitjarstaden Solvorn	Freding av kulturmiljø §20	Tema: Arbeidarklassen sine buformer og Historisk tettstadutvikling ved sjøkanten	Fylkeskommunen / riksantikvaren	
Harastølen «Lyster Sanatorium»	<i>Sikring av kulturhistoriske bygningar jfr Plan- og bygningslova: Eit område på Harastølen, inkludert alle bygningar knytt til «sanatoriet», vert avsett i arealdelen som omsynssone jfr PLBL §11-8 c; Kulturminne prioritert i kulturminneplan. Det vert fastsett bestemmelsar for å sikra dei kulturhistoriske verdiane i området. Det vert så utarbeidd reguleringsplan PBL §12-5 nr 1 til bebyggelse / anlegg – turistføremål. I reguleringsplan vert det fastsett omsynssone jfr §12-6 med tilhøyrande bestemmelsar jfr §12-7 nr 1, 2,6,9 og 12 for å sikra dei kulturhistoriske verdiane.</i>	Tema: Helseinstitusjon	Eigar	Kommune, fylkeskommune og evt riksantikvaren

VILKÅR FOR FREDING

Riksantikvaren har i sin fredingsstrategi fastsett kriterium for vurdering og val av nye fredingsobjekt:

Kriteria for vurdering av nasjonal verdi er:Kulturminnet:

- representerer fasar med særleg betydning for historia
- er knytt til verksemd med særleg betydning for historia

- er av særleg betydning for ei eller fleire etniske grupper
- er av særleg arkitektonisk og arkitekthistorisk verdi
- har særleg betydning som kjelde for historia av di det finst få eller ingen skriftlege kjelder
- har særleg betydning som ressurs for lokal utvikling og verdiskaping
- alder og type utløyser juridiske verkemiddel på nasjonalt plan – sjå kulturminnelova

Når det skal veljast ut kva som skal verta freda og omfanget av fredinga skal fylgjande leggjast vekt på i tillegg til verneverdi:

- sårbare kulturminne, dvs. kulturminne som står i fare for å forsvinna
- tilstanden til kulturminnet og økonomiske rammevilkår
- eigar sine ynskje og bruksbehov
- samfunnsmessige avvegingar
- formidlingspotensial og offentlig tilgjenge
- kulturminner og kulturmiljø som viser heilskap og samanhengar

Kulturminne i Luster som bør vurderast med sikte på freding jfr kulturminnelova

Med bakgrunn i desse verdiane meiner rådmannen at fylgjande kulturminne bør vurderast for freding, og fremjar forslag om freding jfr kulturminnelova av desse kulturhistoriske anlegga:

1. Muntehuset i Kroken. Freding av bygningar, anlegg m.v. frå nyare tid og område rundt freda kulturminne. jfr Kulturminnelova §§15 og 19
2. Husmannsplassen Hestaskårane i Luster. Freding av bygningar, anlegg m.v. frå nyare tid og område rundt freda kulturminne. jfr Kulturminnelova §§15 og 19
3. Solvorn – strandsitjarstaden. Freding av kulturmiljø jfr Kulturminnelova §20

1. TEMA: KUNSTEN I NASJONSBYGGINGA

MUNTEHUSET I YTRE KROKEN

Eigar: Nils Kroken

Festar: Stiftinga Munthehuset

Omfang: Hovudbygningen med hagen, i tillegg omsynssone

Munthehuset:

- representerer fasar med særleg betydning for historia
- er knytt til verksemd med særleg betydning for historia
- er av særleg arkitektonisk og arkitekthistorisk verdi
- har særleg betydning som ressurs for lokal utvikling og verdiskaping



Foto: Munthehuset i Kroken. Foto: Luster kommune

RIKSANTIKVAREN SIN FREDINGSSTRATEGI:

Fellesskap og demokrati:


Historiske stader/utvikling av demokratiet m.a. stader for utvikling av demokratiet. Eksempel på objekt kan vera bygningar og anlegg knytt til viktige historiske personar (eks. kunstnarheimar) og hendingar eller utviklinga av demokratiet.

Nasjonalromantikken og folkekulturen som verkemiddel for nasjonsbygginga

Nasjonalromantikken som kunstform stod sentralt i å byggja opp ein felles nasjonal forståing for den unge nasjon. Flintoe var i front av dette miljøet og 4 år etter grunnlovsamlinga på Eidsvoll la han ut på si fyrste reise i Noreg og enda opp i Munthehuset i Kroken. Munthehuset vart eit samlingspunkt for denne generasjonen kunstmålarar og Flintoe sette sitt preg på huset som i dag viser i form av takmaleria i to av salane.

Huset er bygd i empirestil og har vore gjennom fleire byggeperiodar. Siste byggeperioden var tilbakeføring frå husmorskuletida til det meir «*opphavlege*».

I Munthehuset i Ytre Kroken i Luster finn me dei mest verdfulle profane takmaleria i fylket.



Tidlegare eigarar:

Det er kjent at Ytre Kroken har hatt fleire mektige eigarar i eldre tid. Den fyrste som er nemnd i skriftlege kjelder er Alf Basseson - Alf i Kroki. I 1298 var Alf nemnd som sendebod for baronen og storgodseigaren Bjarne Erlingsson som då eigde Ornes. Alf var adla kring 1300 og deretter vart han send til Island som kongeleg skatteoppkrevjar. I 1305 vart han lensherre på nord-austlandet på Island og døydde truleg i 1305.

På 1500-talet var Anders Nielsen eigar i Kroken. Han var skrivar og lensherre over Dale-soknet og var gift med Anna Kruckow, dotter til adelsmann og riksråd Johan Kruckow, på Sørheim. Anna Kruckow eigde i 1607 vel 15 gardar i Luster m.a. Ytre Kroken og Indrekroken.

Kunstnarsenteret

Munthefamilien kom frå Belgia til Noreg på 1600-talet. I 1764 vart kaptein Gerhard Christofferson Munthe eigar av garden i Kroken.

Han sette i gang fyrste byggetrinn av det store herskapshuset som seinare har vorte kalla «Munthehuset». Han skal vere ein av dei fyrste som tok til å dyrke poteter i Noreg då han i 1765 sette den fyrste potetåkeren i Ytre Kroken.

Munthe-huset vart bygd i 1791 og fekk si endelege utforming slik me kjenner det i dag, i 1846. På denne tida hadde gardstunet i alt fem stovehus og 17 uthus, eit par sagbruk ved Krokaelvi, sjøbuer og kai. I hagen vart det dyrka frukt, grønnsaker og humle.

Sonen Hartvig Kaas Munthe (1766-1830) tok over eignedomen, og det var i hans styringstid at Kroken vart eit kunstnarsenter. Dette hadde samanheng med sonen - den kjende kartografen og historikaren Gerhard Munthe d.y. (1795 -1876) Han hadde gjennom arbeid og mange reiser i inn- og utland knytt kontaktar med mange kunstnarar. Han var sjølv ein dugande teiknar og svært interessert i kunst. Frå 1830-talet og utover gjorde han Kroken til eitt av dei viktigaste sentra for biletkunstnarar i Noreg.

Flintoe si fyrste reise i Noreg var i 1819 og han reiste oppover Hallingdalen med Ytre Kroken i Luster som mål. Av mange vart Flintoe rekna som «førromantikar». Flintoe vert omtala som ein naturalist og forløpar for 1800-tallets romantiske landskapskunst. Han vart på mange vis vegvisaren til norske

kunstnarar som J. C. Dahl, Peder Balke, Thomas Fearnley, Adolph Tidemand og H. F. Gude, som alle i tur og orden vitja Munthe-garden i Kroken og måla ei mengd motiv frå Luster og andre Sogne-bygder. I Kroken fekk dei bu i vekevis og dei fremste kunstnarar den gongen fann inspirasjon i samveret med kvarandre og i møtet med eit mektig landskap. Det var også møtestad for forskarar og geografar.

Utalandske kunstnarar i Kroken

Thomas Fearnley hadde budd i Stockholm, og med hans tilråding vitja dei kjende svenske biletkunstnarane Carl Johan Fahlcrantz (1774-1861) Kroken, og brørne August Anckarsvärd (1783-1874) og Michail Gustaf Anckarsvärd (1792-1878) vitja både Kroken og Balestrand i 1827. Seinare kom også Fahlcrantz sin elev Gustav Wilhelm Palm (1810-1890) på studieferd til Kroken i 1833.

Frå Tyskland kom m.a. kunstnaren Christian Morgenstern (1805-1867) i 1827 saman med dei tyske kunstnarvenene J. Martens og J. Mohr. Han fekk seinare eleven sin, Louis Gurlitt (1812-1897) til å vitje Kroken.

Også biletkunstnarar frå både Polen og England var innom Kroken. Den mest kjende av desse var den polske Christian Breslauer (1802-1882), som vitja Kroken i 1839 saman med Andreas Achenbach. Breslauer tok mange oljeskisser under Sogneferda, og vert rekna som ein fornyar av polsk landskapskunst.

Ein annan framstående tysk kunstnar var Hermann Kaufmann (1808-1889) som etter oppmoding frå venen Thomas Fearnley, vitja Kroken i 1843 og gjorde ei mengd skisser frå Sogne-natur og -folkeli. I 1850 kom den tyske kunstnaren Georg Saal (1818-1870) på vitjing. I 1851 kom den tyske Gude-eleven og seinare kunstprofessoren Johann Wilhelm Cordes (1824-1869) på vitjing, og i 1853 målaren Gustav Ochs (1825-1858) frå Køln. Han vart buande i Kroken i tre veker.

MUNTHEHUSET I DAG

I 1884 selde Munthe-familien garden og ein epoke i norsk kunsthistorie var over. I åra 1897 – 1957 vart bygningen nytta som husmorskule og tilpassa den bruken. Huset var på 1990-talet gjennom ei omfattande restaurering med m.a. filosofen Arild Haaland som ei stor drivkraft.

Munthehuset er i dag eigd av «Stiftinga Munthehuset og har i ettertid vore nytta som selskapslokale, til kulturformidling, utleige for overnatting etc.

Stiftinga arbeider med å halda huset ved like og det er planar for oppgradering på loftet. På kjøkkenet er det tilrettelagt for servering av større og mindre selskap. Dei siste åra har det vore arbeid med restaurering av vindauge og utvendig måling. Det vert også arbeid med å finansiera restaurering av Flintoe sine takmaleri. Munthehuset er godt teke vare på og framstår som eit monument i landskapet – og som ein verdig «nabo» til Urnes stavkyrkje.

Takmaleria:

Under restaureringsarbeidet vart det avdekka takmaleri under eksisterande maling i to av salane i 2. etasje. Det var Flintoe som har stått for dekorasjonane, noko som er dokumentert i ein omfattande korrespondanse mellom han og kaptein Munthe. Desse takmaleria til Flintoe er unike ikkje berre i lokal samanheng, men også nasjonalt. Truleg er det berre Det Kongelige Slott og Bygdøy Kongsgård som har liknande dekorasjonar av Flintoe.

Kvifor freding?

Munthehuset, slik det framstår i dag, er eit sterkt symbol på nasjonalromantikken sitt opphav og er på mange måtar Nasjonalromantikken Vogge.

Det meir enn 200 år gamle og einestående huset, har spela ei sentral rolle i norsk kunst- og kulturliv og nasjonsbygging for to hundre år sia. Flintoe si reise skjedde berre 4 år etter rikssamlinga på Eidsvoll. Nasjonen Noreg var i ein tidleg fase med å finna seg sjølv og sin identitet.

Etter 1814 vert Noreg som nasjon skapt på grunnlag av historia, landskapet og kulturen som folkedikting og folkemusikk. I meir enn hundre år framover vart det lagt ned eit stort arbeid i dokumentasjon, innsamling av kjeldetilfang, opplæring og formidling – dette var med og skapte grunnlaget for den norske identiteten.

Sentralt i utviklinga stod landskapsmålarane som festa det storslåtte landskapet, folk og dyr til lerretet. Dette var tida før fotografia gjorde sitt inntog frå 1850-talet og utover. Ofte forsterka dei elementa. Ideane hadde sitt utspring i dei tyske romantiske perspektiva med fokus på kulturen som basis for nasjonen med felles identitet som språk, religion, historie og kulturarv – dvs folkeånda.

Muntehuset, slik det framstår i dag har stor verdi som viktig del av nasjonalromantikken og nasjonsbygginga utover på 1800-talet. Flintoe hadde sin entre her 4 år etter at Noreg vart sjølvstendig og fekk si eiga grunnlov. Han var med å la grunnlaget for. Landskapet i Noreg har endra seg kraftig etter at 1800-tals målarane reiste rundt. Denne nasjonalskatten er i dag Kopiane av landskapet heng i dag på nasjonalgalleriet og er heilt sentrale i norsk kunstformidling. Dette er t.d. Brudeferden i Hardanger, Vinternatt i Rondane. Flintoe sette også store spor etter seg på Slottet ved utsmykking av «*Fuglerommet*».

Dette er historia om kunsten sin plass i nasjonsbygginga med sikte på og byggja ein felles identitet tidleg på 1800-talet. Kunsten som vart skapt av denne generasjon kunstnarar er av den mest verdfulle i dag mykje av den er ivareteke av nasjonale / regionale kunstinstitusjonar. Sia kunsten vert teke vare på – er det også viktig at «originalen» vert sikra for ettertida.

Nærleiken til Urnes stavkyrkje, som står i ei særstilling når det gjeld norsk arkitektur og stilhistorie, bør vektleggjast. Kyrkja er eit sentralt verk i norsk kunst og historie og viser noko av elementa som vart knytt til nasjonalromantikken – dragestilen med inspirasjon frå vikingtida og mellomalderen. Dette er med å gje både Muntehuset og stavkyrkja ein ekstra dimensjon.

2. TEMA; ARBEIDARKLASSEN SINE BUFORMER

I tilknytning til kulturminneplanen og arbeidet med fagrapport for eit husmannssenter i Luster vart det gjennomført registrering av husmannsplassar i Luster i åra 2011 – 2014. Oversikta viser at det då var om lag 60 husmannsplassar med tilnærma autentiske bygningar – men i variabel tilstand.

LUSTER OG HUSMANNSVESENET

Luster var ein av dei store husmannsområda i landet. Gardsstrukturen ber preg av mange storgardar slik ein finn på flatbygdene på Austlandet. Husmannsvesenet var etablert i bygdene her på slutten av 1600-talet då ein møter dei i kjeldene som konsekvens av skattesystemet. Dette viser bygdebøkene i Luster der det kjem fram mange etablerte husmannsplassar på den tid.

Luster hadde mange av dei ulike kategoriane husmenn; både arbeidshusmenn, bygselhusmenn og strandsitjarar. Klyngjer av husmenn som t.d. Steinabyen i Fortunsdalen med 7 husmannsplassar plassert mellom store steinblokker. Det vert hevda at i Luster var det mange husmannsfamiliar som livernærte seg av ulikt arbeid som t.d. handverkarar.

Husmannsvesenet har sitt opphav tilbake i mellomalderen. Fyrst kring 1600-talet dukkar dei opp i skriftleg kjeldemateriale, men ordet; "husmann" kan ein følgja bakover til mellomalderen, "husmadr", med etymologiske parallellar til det britiske "crofter" og det lågtyske koter. *Husmannen av Skappels kategoriar møter vi i dei norske kjeldene på 1600-talet, som ein konsekvens av skattesystemet.* (York 2012).

Husmannsvesenet er eit mangslunge «vesen». Husmannen med eller utan jord, ofte med arbeidsplikt og gjerne med hus dei sjølv eig, innerstar som leiger bustad i andre sine hus som reine arbeidsfolk og strandsitjarar som budde ved sjøen og dreiv ei form for kombinasjonsnæring med jordbruk, fiske eller handverk. Og jekteskipperhusmannen i Hardanger kunne vera like velstående som bonden. Dette vesenet var svært mangslunge også i Luster som ei tid hadde det høgaste snitt-talet på husmenn pr bruk. Det kan difor vera vanskeleg å sei kva som var den «typiske» husmannsplassen. I Kaupanger, nærare bestemt under dei to gamle adelsgodsa i bygda, hadde husmennene ein heilt spesiell funksjon på 1800-talet. Dei var reine jord- og skogsarbeidarar på dei to godsa Amla og Kaupanger Hovudgard. (York 2011).

RA sin fredingsstrategi

Husmannsplassane er svakt representert på fredingslista og var ei sosial gruppe som hadde stor utbreiing i fleire delar av landet.

Omfanget av freda husmannsplassar er lite og utgjer ca 60 enkeltminner fordelt på seks fylker. Talet på husmannsplassar og strandsitjarplassar minkar og forsvinn hurtig. Det arkeologiske perspektivet vil kunna gje ei langt større tidsdjupn og også en heilskapleg vurdering av alle element som omfatta livet på ein husmannsplass, ikkje berre det bygde miljøet.

I Luster som i andre delar av landet ser ein husmannsplassar som står til nedfall. Det vert færre og færre att av dei, og dei som står att er ofte for små i høve dagens forventingar til bustad og fritidshusvære. Om- og påbygging vert difor eit alternativ.

Luster kommune meiner at to anlegg knytt til arbeidarklassen sine buformer kan vera av nasjonal interesse og må vurderast for freding. Desse er:

- Husmannsplassen Hestaskårane, Luster
- Strandsitjarstaden Solvorn

HUSMANNSPLASSEN HESTASKÅRANE - GBNR 45/34 I LUSTER

Eigar: Hans Bringebøen
Leigetakar: Luster sogelag v/Geirr Vetti
Omfang: 6 bygningar i tunet og innmarka – i tillegg omsynssone

KULTURMINNET:

- representerer fasar med særleg betydning for historia
- er knytt til verksemd med særleg betydning for historia
- er av særleg betydning for ei sosial gruppe
- er av særleg arkitektonisk og arkitekthistorisk verdi
- har særleg betydning som kjelde for historia av di det finst få eller ingen skriftlege kjelder
- har særleg betydning som ressurs for lokal utvikling og verdiskaping
- alder og type utløyser juridiske verkemiddel på nasjonalt plan – sjå kulturminnelova



Husmannsplassen Hestaskårane i Luster er av dei eldste, kjende og attverande husmannsplassane i Luster og har tilnærma si opphavlege form slik den var ved utskiljinga som eige bruk kring 1908. I bygda Luster var det kring 1660 etablert vel 16 husmannsplassar (kjelde bygdebok for Luster). Ein av desse var Hestaskårane. Plassen kan følgjast gjennom bygdeboka heilt fram til kring 1900 – då den var skilt ut som eige bruk.

Hestaskårane låg under garden Heltne. Ein del av Heltne hadde før utskiljinga frå prestegarden i 1580, vore Kruckow-gods. Frå midten av 1600-talet vert Heltne fyrst drive saman med Frakstu og Årstu som ei brukseining. I 1680 overtok soknepresten S.Reutz Heltne og dreiv denne med prestegarden til han døydde i 1693, men garden hadde likevel sterk tilknytning til Reutzfamilien til ca. 1760. I 1761 kjem prestefamilien Daae til Luster. Kring 1800 rår familien også over Flahamar og nabogarden Nygaard. Fyrst kring 1770 fekk Nygard og Heltne eigne matrikelnummer, men Heltne vart drive saman med Dalsøyri som ei brukseining sist på 1700-talet.

Dette viser det nære hopehavet på eigarsida mellom prestegarden og dei nærliggjande bruka i ein lang periode. Dei same gardane hadde også eit stort hopehav av teigar, noko som varte fram til den store utskiftingi på 1860-talet.

1. Stovehuset er samanbygd med løa.

Jfr innriss i bjelke «1802» kan ein gå ut frå at stovedelen er bygd i 1802 – men då av gjenbruksmaterialar. Under restaureringa i 2011 vart ein del av tømra i stova avdekket og tømra var ein mix av brukte bygningsmaterialar. Innerveggene er sota tømmer – truleg frå ei røykstove. Ytterveggene var måla tømmer – og med brystning. Ulikt listverk i taket. Blyglasvindaug på loftet med same type blyglasinnfatning som på Moster gamle kyrkje.

Bygningane på plassen:



Det er vanskeleg å sei noko om bygningane på plassen anna enn at dei truleg er sett opp før Hestaskårane vart skilt ut som eige bruk. Foto: Luster kommune

Grunnmuren er breiare enn bygningen og kan vera ein del eldre og kan ha hatt ein funksjon som steinstove. Sist på 1800-talet kom det så ei ny oppgradering av huset med nytt påbygg som gang og kjøkken, panel i stova og tapet i kammerset og nye vindaug.

Dette viser at stovehuset har gjennomgått både flytting og fleire ombyggingar og viser på ein god måte utviklinga i byggeskikk og stilartar og er difor endå meir interessant som ei historieforteljande husmannsstove. Eit spørsmål som er nærliggjande er også om dette kan vera eit av dei eldste husa i Lustra-bygda?

Bygningane på husmannsplassane var nok av høgst varierende kvalitet. Slik som husmannsvesenet var eit mangfald var også bygningane eit mangfald ut frå kva livssituasjon plassfolket var i. Mange stader var bygningane av svært dårleg kvalitet – og ofte gjenbruksmaterialar av eldre bygningar. Løa i Hestaskårane er svært typisk slik sett. Det er ikkje utan grunn at det i dag er svært få autentiske husmannsplassar å finna og berre 6 freda anlegg i heile landet. Sett i ljøs av at husmennene var største folkegruppa i landet på midten av 1800-talet er omfanget av fredingar ikkje representativt for denne gruppa. Materialkvaliteten som låg til grunn for mange av desse husa er også ein grunn til at ein ved freding g av ein husmannsplass må vekta autensitet lågare enn ved t.d. bygningar frå ein sjølveigande gard.

2. Løa

Løa er samanbygd med stovehuset og det er ein mellomgang med trapp opp på stoveloftet. Fjosen er i underetasjen og bygd av stein. Her har det vore sauefjos, kyrrafjos og geiteflor. Over fjosen er det høybrot og kornbrot som er bygd i tømmer - gjenbruksmateriale. Mot nord har det i seinare tid vorte påbygd stall i forlenging av fjøsen med løe over. Fjøsen er bygd i skifrig stein (mykje fyllitt), medan låven i hovudsak er bygd av tømmer som tidlegare har vore brukt i andre bygningar. Taket er tekt med bølgeblekk. Det har tidlegare vore steinheller. På oppsida er det også påbygd ei sval langs med den eldste delen.

Det er ein del fuktskader i berebjelkane og grunn mot bakken.

3. Stabburet

Tømra med to rom – ikkje flyttemerker. Manglar golv i rommet mot aust.

4. Eldhus med loft:

Restaurert i 2016/18. Eldhuset er i kjellaren og har peis. Grov grunnmur – ca. 120 cm djup. Loftet er fyrste høgda og har to rom. Bygd i reisverk og har staffpanel. Fyrste rommet har vore kombinert verkstad og opphaldsrom med etasjeomn, to vindauge. I tillegg eit mindre rom med lager for skomakarutstyr. Taket er tekt med villskifer. Ein teori er at eldhuset også opphavleg kan ha vore ein steinbygning og at loftet er bygd på kring 1900.

5. *Tobakkshus*: minste tobakkshuset i landet ca 6 m2. ligg på oppsida av stovehuset/løa. Kan vera bygd på 1890-talet etter at tobakksdyrkinga skaut fart i Luster. Toppåra var like etter 1900.

6. *Nye-løa*: står på nedsida av eldhuset. Kjellar kan ha vore grisefjøs. Løa er bygd i reisverk og har vore nytta til lagring av høy. Helletak med villskifer.

7. *Utedo*: oppattbygd på gamle murar kring 2010.

Nybygg:

Utescene med utedo: på innsida mellom eldhuset og nyeløa vart det i 2014 bygd ein utescene som eit studentprosjekt leia og gjennomført av arkitektstudentar ved NTNU i Trondheim. Den er reist på pålar og skal lett kunna fjernast og skal ikkje etterlata seg spor i landskapet. I tillegg vart det bygd ny utedo på oppsida av scena.

Tidlegare bygningar:

Foto frå 1950-talet og eksisterande murfundament viser at det har vore fylgjande bygningar i tunet:

- Vedahus: mellom stabburet og eldhusloftet kan det ha stått eit enkelt vedahus med eit halvtak
- Møkahus: på nedsida av fjosen viser murane etter det som ha vore eit møkahus. Det var bygd i forlenging av fjosen og med halvtak over.

Grunnmurane:

Eit spørsmål som kan reisast er om stovehuset, fjosen og eldhuset opphavleg kan ha vore steinbygningar. T.d. har ikkje grunnmuren på stovehuset og tømra same mål. I Luster har det ikkje vore uvanleg å byggja i stein.

Tilstand og status bygningane:

I 2009 starta Luster Sogelag på arbeid med restaurering av bygningane. I fyrste omgang vart det utført førebyggjande tiltak for å sikra nokre av dei. Dette omfatta eldhusloftet, nyeløa, tobakkshuset og løa.

- 2011 – 2013 restaurering av stovehuset. Innfelling skadd tømmer, nye vindauge, tilbakeføring til faspanel i stove og tømmer på kjøkken, nytt helletak m.m.
- 2016/18 – restaurering av eldhus og eldhusloft: nytt tak, reparasjon av dører og vindauge, pipe og silo. Legging av hellegolv i eldhuset m.m.

Plan andre bygningar;

- Stabbur: legging av nytt golv i rommet mot aust og legging av helletak
- Løa: eit større arbeid med utskifting av bjelkar mellom fjøs og løe, nytt golv, mykje ryddearbeid, utbetring/nye vindauge, mogeleg drenering, nytt tak med villskifer
- Nye-løa: omlegging av tak og nytt golv/ nye golvbjelkar.

Kvifor freding?

Hestaskårane er av dei eldste husmannsplassane i Luster som framleis står om lag slik den var i overgangen mellom husmannsplass og matrikulert bruk.

Med bakgrunn i at husmannsplassane ikkje dukka opp i skriftlege kjelder før i skattemanntalet på 1600-talet er det all grunn til å tru at husmannsvesenet var godt etablert i Luster i den aktuelle tidsperioden. Dette gjeld også Hestaskårane.

Stovehuset og løa er eit godt døme på ei ressursutnytting i form av gjenbruk av bygningsmateriale som er lite kjend i dag. Det er m.a. tømmer, vindauge, dører og listverk som vart skapt om til nye bygg. Stovehuset er som eit konglomerat av ulike gjenbrukte bygningsdelar frå ulike stilar og tidsepokar med t.d. sota tømmer på innerveggene og målt tømmer på dei utvendige veggene. Bygningen ber preg av ei lang tidsreise og ei historie med tilknytning til Bergen og kyrkjebygging på Moster i Bømlo (Sunnhordaland) med same type blyglasvindaue.

Husmannsplassar er underrepresenterte i fredingssaker jfr Riksantikvaren sin fredingsstrategi. Husmannsfamiliane var på midten av 1800-talet største folkegruppa i landet. Som Eyvind Urkedal York skriv i fagrapporten:

"Samfunnsgruppa var ei sprengkraft i det norske samfunnet i revolusjonsåret 1848. Men det tok heile femti år før dei fekk røysterett. I same periode blei også samfunnsgruppa utviska, og mykje av historia saman med dei. Husmennene og konene aldrast og gamlast ut, barna drog til byar, blei industriarbeidarar eller vandra ut og plassen blei lagt til hovudbruket når det gamle husmannsparet døydde. I 1900 var samfunnsgruppa i ferd med å bli utviska og i 1920 var den borte. 1800-talets venstre-ideologi som prega norsk identitet. Historie, skule og samfunn bygde på den norske bonden, ikkje husmannen. Lærarar og historikarane var aktive medhjelparar til å fremje bondesamfunnets historie og ideologi like til mellomkrigstida. Plassen til husmannen var liten – også den som han vart tildelt i historieverka."

Liten plass har dei også fått tildelt både i kulturminnevernet og i museumsvesenet. Av vel 3 800 vedtaksfreda bygningar i Noreg – er berre 13 husmannsplassar freda, og 3 saker under handsaming (2011). Fleire av desse er anten knytt til kjende personar eller til folkemuseum. I tillegg har eldsjeler også engasjert seg i å ta vare nokre husmannsplassar som vert nytta som lokale / private museum som t.d. Kvammadokkje i Ulvik. Sett med utgangspunkt i dei kring 95 000 husmannsplassane som ein gong eksisterte er det i dag få plassar att med noko lunde autentiske bygningar. Mange plassar er fjerna, mange er ombygde og lite attkjennande og eit svært lite tal autentiske plassar står framleis.

Ei registrering som vart utført av sogelaga i kommunen i 2011 viset at det då fanst om lag 60 husmannsplassar med tilnærma autentiske bygningar i Luster – men i variabel tilstand.

Ved å freda Hestaskårane og leggja til rette for å formidla historia om husmannsvesenet kan dette vera med å heva statusen for dei stovene og fjøsane som framleis står.

Plan for bruk av bygningane:

Luster sogelag fekk i 2011 utarbeidd ein fagrapport som fagleg grunnlag for å arbeida fram eit nasjonalt dokumentasjonssenter for husmannsvesenet. *"Vi Arbeidere er ingen faatallig Hær": om husmannsvesenet i Noreg*. Fagrapport som bakgrunn for eit nasjonalt dokumentasjonssenter. Luster sogelag. 2011.

Tanken den gong var å etablere eit anlegg nær RV55. Dette har ikkje vore arbeidd vidare med. I staden er det tankar om å nytta bygningane i Hestaskårane til eit formidlingsanlegg der løe/fjos står sentralt i ein overordna strategi med å formidla historia om husmannsvesenet både lokalt, regionalt og nasjonalt. Plassen skal formidla historia om framveksten av det nye Noreg og utviklinga fram mot unionsoppløysinga i 1905.


STRANDSITJARSTADEN SOLVORN

Eigarar: mange eigarar med matrikulerte eigedom –
Almenningsområde; M.a. i strondi og gangareal mellom bygningane

Omfang: arealet som er omfatta av reguleringsplanen

HISTORIE

Strandsitjarstaden Solvorn har enno ein struktur som kan førast tilbake til mellomalderen og som viser ei allmenn utvikling av små tettstader ved fjorden. Her fin ein framleis ei sjøhusrekke med bolverksbryggjer ut i sjøen, bak desse eit mylder av like bygningar men med ein parallellstilt hovudstruktur ned mot sjøen, og bakanfor eit gateløp parallelt med strandkanten. Dette er slik arkeologane tenkjer seg at til dømes tettstaden i Bjørgvin kan ha sett ut før byen vart etablert. Bygningane er mykje yngre, men den opphavlege tettstadstrukturen som eit allment element er truleg minst like gamal som stavkyrkjekonstruksjonen.



Kort bygningshistorisk oversyn (frå fagrapport Solvorn):

Tidlegare funn syner at det har vore busetnad i Solvorn alt i Vikingtida. Nettopp avslutta utgravingar av fleire langhus på Borhaug har gjeve prov på busetnad her frå omlag Kristi fødsel. Vantande moderne arkeologiske registreringar frå resten av bygda gjer det vanskeleg å seia om busetnaden i gardssona kan gå enno lenger attende. Ut frå nyare funn frå andre delar av Luster er det ikkje usannsynleg. Det sto ei stavkyrkje i Solvorn i mellomalderen, men plasseringa er ukjend. Truleg har den lege nær den gamle kyrkjegarden, omlag 150m frå den nye kyrkja. På mange av dei gamle gardane i indre Sogn var det før utskiftinga store klyngjetun som sette sit tydelege preg på landskapet. Dette ser ikkje ut til å ha vore så framtrekande i Solvorn. Derimot hadde tunskipnaden på fleire av gardane meir preg av rekkjetun.

Framvoksteren av strandstaden i Solvorn har røtter langt attende i tid. Strondi var ei naturleg hamn og omlastingsstad for gardane, ikkje berre i Solvorn, men òg for mange gardar på Hafslo og Mollandsmarki. Det må difor ha vore naturleg å ha naust og gjerne ei lagerbu her ved sjøen. Dertil var det kyrkje i bygda, og dette må òg ha ført til trafikk til strondi. Når dette naustmiljøet byrja å utvikla seg til noko meir er sjølvstøtt uråd å seia, men i alle høve har utviklinga vore i gang tidleg på 1600-talet. Då var det sterk auke i folketalet i indre Sogn, og for mange av dei som det ikkje var rom for på gardane, var det naturleg å søkja til gryande tettstader som Solvornstrondi. Her var det mogeleg å få seg småjobbar anten på land eller på sjøen. Alt i 1640 var det marknad for ein handelstad på Vetle-Vollaaker (seinare Walaker), i 1647 kom her skysstasjon og noko seinare gjestgjevargard og tingstove. Det vart òg opna handel på Sjøtun og seinare på Sanden. Dette tyder på ein rask utvikling av strandstaden tidleg på 1600-tallet.

Frå gamalt var det allmenning nede ved strondi. Truleg var den avgrensa i sør og nord av dei to grøvene som kjem ned til sjøen, og mot vest like over den noverande vegen. Dei fleste som slo seg ned som strandsitjarar sette opp hus her nede. Det var små, enkle husvære med to eller tre rom. Dei var av same type som bustadhusa på gardane, men mykje mindre. Mange hadde òg eit lite stabbur og små uthus med rom for nokre husdyr og litt fôr. Strukturen på busetnaden vart i stor grad styrt av

den opphavlege naustrekkja. Strandsitjarane slo seg ned bak denne, men eigedomane vart ofte liggjande parallelt med retning ned mot sjøen. Kor tett det var høve til å byggja veit vi ikkje, men frå Vikøyri er kjent ein regel om at avstanden minst måtte vera eit hammarslag. Noko liknande kan ha vore tilfelle i Solvorn. Sjølv om det var trongt mellom husa, var det likevel eit viktig prinsipp om allmenn ferdsle langs geilard og gangstiar m.a. for å sikra lett tilkomst til sjøen.

Plassmangelen gjorde at den einskilde strandsitjar kunne ha bygningane sine spreidd på fleire stader. Det sjølvgrodde preget strandstaden kom til å få, kunne minna mykje om eit vestlandsk klyngjetun. Dette var som nemnt ikkje framståande på gardane i Solvorn, men til dømes tvers over fjorden låg (og ligg til dels framleis i dag) eit velutvikla klyngjetun. Skilnaden var naustrekkja og at eigedomane i strandstaden hadde ein parallell orientering ned mot sjøen. Ein annan skilnad var reint sosialt. Klyngjetun kunne det vera sjølv på storgardar, medan strandsitjarane stort sett var dårlegare stilt reint økonomisk. Fleire historikarar har omtala strandsitjarmiljøet som "bygdeslum". Typisk nok budde gjestgjevaren, handelsmennene, presten og seinare sorenskrivaren i utkanten av strandstaden.

Solvorn si rolle som kommunikasjonsknutepunkt vart stadig viktigare, og dette førte til auka press på byggjegrund. I sær var kontakt til sjøen naudsynt, og difor byrja ein å byggja rekkjer av sjøhus på bolverk utover i sjøen, med bolverksbyggja ytst. Sjøhusa hadde ein meir allsidig funksjon enn dei gamle nausta. Eit prov på strandstaden sin aukande status er at Sorenskrivarembetet for indre Sogn vart flytta hit i 1813. Bygningen Christianeslyst vart reist i åra før 1822. I 1846 fekk Solvorn eige postkontor. Ein allmenn folkeauke på 1800-talet i Sogn gjorde òg sitt til at busetnaden i Solvorn auka. Frå omlag 1850 skjer det ei gradvis utskifting/ombygging av dei gamle stovene til hus av "midtpipetyten".

Solvorn hadde si "stordomstid" i andre halvdel av 1800-talet. Dette hang saman med liberaliseringa av handelsprivilegia som gjorde det lettare å utvikla ulik næringsverksemd, og det hadde samanheng med framvoksteren av dampskipstrafikken. Fylkesbaatane si dampskipsrute hadde fast stogg i Solvorn frå 1858, og i 1878 kom det dampskipskai framfor gjestgjevarstaden. Vegen opp til Galden vart utbetra og lagd om. Mot slutten av 1800-talet og ut på 1900-talet kom det eit nytt belte av bustadbygging bak sjøve strandsitjarmiljøet. Dette var frittliggjande einestader, gjerne i sveitserstil. Folketalet i Solvorn nådde ein topp på denne tida på nesten 400 fastbuande.

Ein særskild bygningstype frå denne tida er tobakkshusa. Mange Lustringar utvandra til Amerika, men fleire kom òg attende. Nokre hadde hatt arbeid på tobakks-farmane i midt-vesten, andre i tobakks-industrien og etter heimkomsten tok dei til med tobakksdyrking. For å turka tobakken vart det sett opp eigne bygningar. Det kom opp fleire slike tobakksbus i Solvorn.

Ved førre sekelskifte var i hovudsak dei grunnleggjande strukturane vi kjenner frå Solvorn i dag på plass:

- Sjøve strandsitjarmiljøet med sitt mangfald av bygningar og med naust, sjøhus og bolverksbyggjar ut mot sjøen.
- I sør Sorenskrivargarden.
- I nord gjestgjevarstaden med dampskipskai.
- Hovudvegen gjekk parallelt med strondi og utgjorde vestgrensa for sjøve strandsitjarstaden.
- Vest for vegen låg eit belte med spreidd busetnad i sveitserstil.
- Kyrkja med den gamle kyrkjegarden.
- Øvst/ytst i bygda låg dei opphavlege gardane.

Kvalitetar og verdiar i Solvorn

Solvorn er ein stad med særpreg og kvalitetar langt ut over det som er vanleg i dagens bygde-Noreg. Bygda har viktig **kunnskapsverdi** knytt til byggjeskikk, arkitektur og tettstadutvikling. Den heilskaplege strukturen utgjer eit historieforteljande kulturmiljø med eit klårt pedagogisk potensiale. Dette medverkar til å gje bygda stor **opplevingsverdi**, saman med dei estetiske kvalitetane i bygningsmiljøet og samspelet mellom busetnaden og det omkringliggjande kulturlandskapet og fjorden. Kulturmiljøet i Solvorn har òg **bruks- og økonomisk verdi** knytt til bustadføremål, sjøbruk og næringsdrift. Gjennom medviten bruk og forvaltning kan dei kulturhistoriske kvalitetane i Solvorn gje grunnlag for vidare utvikling av kulturbasert næringsverksemd i framtida. Her kan ein til dømes samanlikna med kva som har vore mogeleg å få til på Røros.

Autentisk kunnskapsverdi

Mange av dei opphavlege strukturane frå framvoksteren av tettstaden er framleis tydelege å sjå i Solvorn. Utviklinga her var på ingen måte unik. Den same utviklinga gjekk føre seg på mange liknande stader der tilhøva låg til rette for det, m.a. i Sogndal, på Lærdalsøyri og Vikøyri. Alle desse stadene hadde den same hovudstrukturen ved førre sekelskiftet, men av ulike årsaker har den vorte skipla seinare. I Solvorn derimot har den opphavlege kontakten med sjøen og strukturen i strandsitjarmiljøet halde seg og er teken vare på fram til vår tid. Dette har samanheng med at andre stader i fyrste halvta av førre århundre litt etter litt tok over knutepunktfunksjonane som Solvorn hadde hatt tidlegare. Av den grunn vart det ikkje så store endringar i bygningsmiljø og bustadmønster som i mange andre bygder. Ei viktig årsak til at bygda ikkje lenger hadde den same stoda som før var omlegging av transport til landevegen. I 1907 vart den nye køyrevegen mellom Sogndal og Hafslø ferdig, og sjølv om den i førstninga ikkje fekk nemnande følgjer for Solvorn, så førte dette til at Solvorn over tid vart mindre aktuell som handels- og transportknutepunkt.

Det verdifulle med tettstadstrukturen i Solvorn er at den ikkje berre er karakteristisk for indre Sogn. Dette er langt på veg ei allmenn utvikling av tettstader. Dei fleste byane i mellomalderen vart til på grunnlag av små tettstader. Dei som låg ved sjøen hadde ein struktur som langt på veg minna om Solvorn. Ei sjøhus-rekkje med bolverksbryggjer ut mot sjøen, bak desse eit mylder av ulike bygningar men med ei parallell-stilt hovudstruktur ned mot sjøen, og bak eit gateløp parallelt med strandkanten. I byane har alle spor etter slike tidlege strandstadstrukturar forsvunne for lang tid sidan, men dette er korleis arkeologane tenkjer seg at til dømes tettstaden i Bjørgvin såg ut før bydanninga. Det same er tilfelle i mange andre mellomalderbyar. Det at ein slik struktur, og framleis i rimeleg autentisk stand, er så tydeleg å sjå i Solvorn, lyfter staden opp på nivå med Urnes stavkyrkje på andre sida av fjorden med omsyn til autentisk kunnskapsverdi. Bygningane er mykje yngre, men den opphavlege tettstadstrukturen som allment element, er truleg minst like gamal som stavkyrkjekonstruksjonen.

Døme på antikvarisk verdi i Solvorn

- Naustrekkja mot sjøen med bolverksfundament, sjøhus og bryggje.
- Einaste strandsitjarstaden i indre Sogn som framleis har sin opphavlege kontakt med fjorden.
- Geiler og gangstiar som er opne for fri ferdsel på kryss og tvers i strandsona.
- Solvorn har framleis dei allmenne strukturane for bydanning i mellomalderen i autentisk stand.
- Veitar og grøver med vatn som renn mellom husa med sine gamle vaskeplassar.
- Strandsitjarplassar med fjøs, stove, stabbur og uthus i eit opphavleg miljø.
- Sosial spennvidde mellom sorenskrivargarden på den eine sida, hotellet på den andre sida og strandsitjarmiljøet i midten.
- Det grøne beltet mellom strandsitjarmiljøet og den spreidde busetnaden bakom i sveitserstil.
- Gardssona med sitt kulturlandskap gjer ei estetisk ramme rundt bygda.
- Veggen frå Galden ned til Solvorn er ein viktig del av opplevinga av kulturlandskap og busetnad.
- Stor tidsdjupe og variasjon på bygningar og strukturar.

Døme på arkitekturhistorisk verdi

- Bolverksfundament med sjøhus og bryggjer.
- Naustmiljø.
- Strandsitjarhusa med stabbur og uthus.
- Sveitserstilhusa i bakkant av strandsitjarmiljøet.
- Walaker Hotel med låve, tingstove, stabbur og lysthus.
- Sorenskrivargarden Christianeslyst, freda bygningsmiljø frå tida 1813-1822 med hage.
- Synlege uttrykk for endringar i byggeskikk over tid.

Døme på opplevingsverdi i Solvorn

- Heilskapen i den opphavlege busetnaden med tydelege og ulike bygningssoner.
- Samspelet mellom bygningsmiljø, fjellsidene rundt og fjorden.
- Landskapsrommet i Solvornbukti med autentisk strandsone, busetnadsstrukturar og kulturlandskap sett frå sjøen
- Kulturlandskap i aktiv drift
- Gamlevegen opp til Galden.
- Oversynet frå køyrevegen
- At det er mogeleg å spasera på veggen, på gamlevegen og mellom husa ned til sjøen
- Badestranda / Neset.
- Galleri, Hotell og kafé.

Solvorn som inngangsport til Urnes stavkyrkje

I 2008 var det 16000 vitjande til Urnes stavkyrkje. Dette talet er raskt aukande, og dei aller fleste kjem til Urnes frå Solvorn. Denne nærleiken til stavkyrkja forpliktar. Opplevinga av Solvorn, både visuelt og som eit autentisk kulturhistorisk miljø, er viktig for den heilskaplege forståinga av stavkyrkja. På dette viset vert Solvorn ein del av vitjinga på Urnes. Samstundes har Solvorn sitt eigenverde. Dei kulturhistoriske kvalitetane i Solvorn kan samanliknast med dei på Urnes, men dei er sjølvsagt av eit anna slag. Ved å reindyrka og synleggjera sitt særpreg og eigenart kan Solvorn verta ein likeverdige oppleving til stavkyrkja og miljøet på Urnes. Dette vil krevja ein innsats av alle, både fastbuande, hyttefolk og kommunen.

Urnes stavkyrkje er eit av dei mest kjende kulturminna i landet. Verdsarvstatusen er i dag knytt til sjølve kyrkjebygget, men det er ei aukande forståing i alle fagmiljø at kvalitetane med kyrkja òg i stor grad heng saman med miljøet omkring. Ei vitjing i stavkyrkja vil for dei fleste innehalde fire meir eller mindre likeverdige element: Solvorn, fjordlandskapet, klyngjetunet og stavkyrkja. Av den grunn vert det i utkast til handlingsplan for Urnes gjort framlegg om ei buffersone som omfattar både fjorden og Solvorn. Etter vår meining er dette ein god idé, men dette føreset at heile Solvornbukti og landskapsrommet opp til Galden vert teken med i buffersona. Dette vil sikra at opplevinga knytt til verdsarven kjem til å omfatta dei fire elementa:

- Solvorn med sine unike kvalitetar i høve til bygningsmiljø, tettstadutvikling og kulturlandskap.
- Fjordlandskapet som her er på sitt mest storslagne, men difor òg sær sårbart.
- Klyngjetunet og bygningsmiljøet på Ornes med sine historiske føringar om jordbruksbusetnaden langs etter fjorden
- Stavkyrkja.

Ei slik oppgradering av heile området vil heva statusen og gjera det lettare å tryggja kvalitetane i området som stavkyrkja heng saman med.

Fredingsprosess:

Det er gjennomført i alt 12 kulturmiljøfredingar og eitt område som er i arbeid. Dersom RA startar opp fredingssak er det viktig at arbeidet vert gjennomført som ein inkluderande prosess.

Det vert vist til Levanger og Skudeneshavn-modellen som sikra ei sterk lokal forankring og knytte verdiskaping tettare til fredingsprosessen. Det vart engasjert ein prosjektmedarbeidar med ansvar for å fylgja opp særskilde oppgåver. Riksantikvaren bør i så fall setja av midlar til ein prosjektleiar som kan arbeida med denne delen av fredinga. Ei eiga arbeidsgruppe leia av RA bør ha ansvar for fredingssaka.

3. TEMA: HELSE-LUSTER – LYSTER SANATORIUM, HARASTØLEN

Eigar: Harastølen Holding AS
Omfang: 10-12 bygningar og hageanlegg med omsynssone

Helse og omsorgsdepartementet fekk i 2006 utarbeidd ein landsverneplan for staten sine kulturhistoriske eigedomar, med ein eigen temaplan for helsebygg i Noreg. Innleiinga er også representativ for Harastølen si historie;

Historia om helsetiltaka gjennom tidene og bygga som har blitt reist for å tena desse formåla er ei kompleks historie. Helsebygga fortel oss ikkje berre ei historie om dei medisinske framstega og om korleis samfunnet har måtta hanskast med sjukdom og dei sjuke og pleietrengande, dei er også tause vitne om samfunnsideologiar, menneskesyn, demografi, sjukdomsbilde og statsforståingar. Desse aspekta peiker ut over det ein i dag kallar helsesektoren, både fordi konsentreringa av helse- og pleiefunksjonar til det offentlege er eit relativt nytt fenomen i Noreg, og fordi bygga avslører så mykje om samfunnsforhold som ligg utanfor dei reine helseformåla.

Rapporten var eit grunnlag for det vidare arbeid med landsverneplanen, og for utveljinga av bygningar og kulturmiljø for vern. I Landsverneplan for helsesektoren er Harastølen nemnd med nokre få ord. Bakgrunn for dette er at tuberkuloseinstitusjonane var eit samarbeid mellom det offentlege, private (kommersielle) aktørar og frivillige organisasjonar. Harastølen var ikkje noko unntak. var driven av ei privat stifting, men finansiert av staten og Harastølen og difor vart ikkje anlegget innlemma i verneplanen.

Historie

Om ikkje storindustrien kom til Luster, så melde helse-Noreg si interesse for Luster og den friske lufta kring 1900. Harastølen som tuberkulosesanatorium vart opna i 1902 som det fyrste i sitt slag her i landet. sjukehuset vart etablert som eit eige lite samfunn – høgt oppe i lia – med utsyn mot fjord og fjell. Harastølen viser kanskje meir enn noko anna korleis ein tenkte «helse» i dåtida si samfunnsutvikling og var i si tid eit av dei største spesialsjukehusa i landet.

Sanatorieideen kom frå Tyskland siste halvdel av 1800-talet og la vekt på at pasientar med tuberkulose skulle vera i frisk luft og landlege omgjevnader, eta næringsrik mat, ha mykje ro og kvile, og trenar forsiktig. På dette vis skulle immunforsvaret styrkast og pasienten ville vera i stand til å overvinna infeksjonar. Harastølen vart vurdert spesialbygd anlegg for tuberkulosebehandling som blei driven av ein privat stifting, men finansiert av staten.

I Luster vart denne tankegangen «teke heilt ut». Sjukehuset vart bygd i fjellsida, 500 m.o.h. over Luster – og vanskeleg tilgjengeleg. Kommunikasjon med «omverda» var taubanen som gjekk frå fjorden og opp. Her vart både folk og varer frakta opp og ned. Ei årsak til plasseringa var det gode klimaet i Lustrafjorden. I tillegg var ein også tidleg klar over vasskrafta sin verdi, og sjukehuset fekk installert ein av dei fyrste private vassurbinane i landet.

Noverande taubane (gondolbane) frå 1955 som delvis vart riven i 2012, erstatta den opphavlege taubana.

Etter kvart vart det bygd opp eit eige lite samfunn høgt opp i lia med m.a. desse bygningane; overlegebustad, søsterbustad for dei tilsette, familiebustader for fyrbøtar og gartnar, kapell med likhus, postopneri, vaskeri, ishus, stall og grisehus. Både kinotilbod og eit rikhaldig bibliotek vart etablert, i tillegg til eigen folkeskule og mellomskule for borna til dei tilsette som budde der oppe. Dette vart ein kjærkomen arbeidsplass for mange lustringar . I dag utgjer anlegget 20 bygningar som er bygd til ulike tider gjennom 1900-talet.

Sjukehuset med bygningsmiljø og uteområde representerer karakteristiske element i eit elles typisk fjordlandskap. Bygningane på Harastølen representerer stor breidde både i funksjonstypar og stilartar.

Harastølen er også historia om utviklinga av dei store helseinstitusjonane som etter kvart vart viktige kvinnearbeidsplassar. Dette er motstykket til «industriarbeidarmannen» som i Telemark fekk «sin» verdsarv.

Status i dag:

Dei siste 20 åra har det vore eit kraftig forfall av bygningane. Både inventar og bygningar er ramponerte, og mangel på vedlikehald pregar dei mindre bygga. Harastølen representerer likevel kulturminneverdiar på nasjonalt og truleg på internasjonalt nivå. Spørsmålet er om det er vilje på nasjonalt nivå til å ta vare på desse kulturminneverdiane som også fortel viktige sider ved utviklinga av kvinnearbeidsplassar i det industrialiserte samfunnet?

Det har sia 1990-talet vore gjort mange forsøk på å utvikla Harastølen til andre føremål innan reiseliv, helse, religion etc. Tinnfoss AS kjøpte Harastølen og kraftrettane i 2006 og er per i dag eigar av anlegget. Nye aktørar har kome på banen og det har over tid vore arbeidd med å finna økonomiske løysingar for å realisera fyrste byggesteg. Endra føresetnader i vinteren 2020 gjer at det er uvisst om ein lukkast.

Alternativet er at ein bygning knytt til Harastølen vert teke vare på og at det vert etablert ei utstilling med foto og gjenstandar frå Harastølen som kan dokumentera denne viktige nasjonale historia i framtida. Dette kan t.d. vera

Kvifor sikring av eigedomen?

Riksantikvaren har i sin fredingsstrategi fastsett kriterium for vurdering og val av nye fredingsobjekt:

Harastølen har ulike kulturhistoriske verdiar:

Desse verdiane omfattar heile anlegget med bygningar og uteområde, og omfattar desse bygningane og hage:

- Hovudbygningen
- Søsterheimen
- 1970-tals huset – bustadhus frå 1970-talet då Harastølen var psykiatrisk institusjon
- Overlegebustaden
- Gartnarbustaden
- Reservelegebustaden
- Vaktmeisterbustad/kraftverket - ein bygning med to ulike funksjonar
- Løene
- Stabburet
- Taubanebygget

- Hage-anlegget

Det er høg antikvarisk og/eller arkitekturhistorisk verdi på fleire av bygningane. Spesielt gjeld dette hovudbygningen, kapellet, taubanebygget og legebustadane.

Den autentiske kunnskapsverdien er framleis høg. Hovudbygningen står framleis slik den vart bygd. Det same med mange av dei andre bygningane også. Opplevingsverdien er også høg.

Harastølen sine verdier for vurderinga av nasjonal verdi er:

- representerer fasar med særleg betyding for historia
- er knytt til verksemd med særleg betyding for historia
- er av særleg arkitektonisk og arkitekthistorisk verdi
- har særleg betyding som ressurs for lokal utvikling og verdiskaping

Sogn og fjordane fylkeskommune har tidlegare uttalt at Harastølen er eit kulturminne av nasjonal interesse. I 2019 løyvde dei eit tilskot på kr 4 mill. til restaurering av anlegget. Kulturminnefondet løyvde i 2018 kr 3,8 mill. til restaureringa. Luster kommune har sett av kr 6 mill. til oppgradering av vegen til Harastølen og gjeve tilsegn om eit lån på kr 5 mill. til byggesteg nr 2. Desse løyvingane er sterke signal på Harastølen sine høge kulturminneverdier, men var ikkje tilstrekkeleg for ny aktør til å koma i gang med oppgraderinga.



Bilete henta frå:

LYSTER SANATORIUM; EI ARKITEKTONISK HISTORIE OM EI BYGD OVER BYGDA.

Brit Kristin Heltne, Norsk Arkitekturhistorie, hausten 2012, Arkitektur- og Designhøgskolen i Oslo.

VEDLEGG III RESULTAT FRÅ FOTOKONKURRANSEN 2014-2015

Resultat frå fotokonkurransen 2014-2015

Plassering	Fotograf	Motiv
1	Sirko Trentch	Sæter nær Molden
2	Sirko Trentch	Kyrkje ved Nes Gård
3	Kristen Ormberg	005 - Kvernstein
4	Leif Hamaren	Lauvrauk
5	Cornelia Jaeger	Rysete Luster
6	Torunn Løne Vinje	1009-Saltvegen
7	Sirko Trentch	Breidsete Vigdalen
8	Silje Drevdal	Vinterlandskap
9	Liv Byrkjeland	Bogastille - Gravidalen
10	Åshild Ekrene	Steinsett geil, Veitastrand

VEDLEGG IV

UTDRAG FRÅ KOMMUNEPLANEN SIN SAMFUNNSDEL 2018 – 2029 OG AREALDELEN 2019 - 2030



LOKALE FØRINGAR

Kommuneplanen sin samfunnsdel og arealdel gjev overordna føringar for kommunen sitt arbeid. Utgangspunktet er at desse to planane vert revidert ein gong kvar valperiode. Omfanget av revisjonen av både desse to planane og kulturminneplanen vert teke stilling til i handsaming av planstrategien som vert handsama i løpet av fyrste året til kvart nytt kommunestyre.

Nedafor er føringar som er lagt i dei to gjeldane planane:

- **KOMMUNEPLANEN SIN SAMFUNNSDEL (KPS) 2018– 2029**
- **KOMMUNEPLANEN SIN AREALDEL (KPA) 2019 – 2030**

KOMMUNEPLANEN SIN SAMFUNNSDEL (KPS) 2018 – 2030

Kommuneplanen gjev desse føringar for kulturminnevernet.

Kap. 10.3 Luster – ein god stad å besøkje

Strategiar:

- me skal leggja til rette for at det vert god kvalitet på besøksnæringa i Luster
- me skal vera i framkant i utvikling og tilrettelegging av berekraftige kultur- og naturopplevingar
- me skal vera attraktiv å besøkje for folk i regionen

Besøksattraksjonar Hovudmål	Delmål – slik vil me ha det	Tiltak – slik gjer me det
Nytta dei store attraksjonane innan natur og kulturarv i utviklinga av besøksnæringane	<ul style="list-style-type: none"> • God lønsemd i reiselivsnæringa ved auka tal gjestedøgn, sesongutviding og høg kvalitet på produkta • Nytta nasjonale attraksjonar og verdsarven til å formidla og vidareutvikla verdiskapinga • Besøksnæringar som er berekraftige innanfor naturen si toleevne både lokalt og globalt • Forvaltning av verneområda skal vera lokalt forankra og tilpassa dei stadeigne føresetnadane for bruk og vern. 	• Sikra at attraksjonar og aktivitetar i Luster får sin rettmessige fokus gjennom Visit Sognefjord
		• Støtta større tilskippingar
		• Støtta opp om samarbeid og tiltak innan natur- og kulturbasert næringsutvikling
		• Støtta opp om utviklinga av verdsarven Urnes stavkyrkje og tilhøyrande område
		• Vera ein aktiv part i utvikling og tilrettelegging av kulturminne som opplevingsattraksjonar.
		• Vidareutvikla kommunen sin status som nasjonalparkkommune.
		• Støtta opp om verksemdar innan besøksnæringa som vektlegg miljø, berekraft og naturmangfald
• Leggja til rette for parkering, toalett og avfallslevering i prioriterte besøksområde		

KOMMUNEPLANEN SIN AREALDEL (KPA) 2019 – 2030

Kommuneplanen sin arealdel har desse føringane for kulturminnevernet i Luster:

1.6 Omsynssoner4.6.2 Omsynssone - bevaring av kulturmiljø.

Luster har svært mange kulturminne og kulturmiljø av høg verdi. Kulturminne eldre enn 1537 er automatisk freda etter Kulturminnelova. Ein del nyare tids kulturminne har i eksisterande reguleringsplanar status som verna etter plan- og bygningslova. Det er føresett at verneføremålet i eksisterande reguleringsplanar står ved lag, sjølv om områda ikkje er viste som omsynssoner på kommuneplankartet. Mange kulturminne av stor verdi har ingen formell vernestatus. I denne planrevisjonen er eit avgrensa utval kulturmiljø viste som omsynssone, bevaring av kulturmiljø. Desse områda har ingen vernestatus frå før.

Arbeid med kommunedelplan for kulturminne er starta opp, og er eit prioritert plantiltak. Prioriterte kulturminne og kulturmiljø i vedteken delplan vert lagt inn som omsynssoner ved neste hovudrevisjon av arealdelen.

Det vert utarbeidd retningslinjer for omsynssone kulturmiljø i ny kulturminneplan.

Områda er henta m.a. frå www.askeladden.no og kulturminneplan for Luster

Omsynssoner

Omsynssoner for kulturminne fastsett i kommuneplanen sin arealdel. Det er ikkje gjeve retningslinjer for områda, men det er bestemt at desse kan fastsetjast i kulturminneplanen

Kap 11. Føresegner – juridisk bindande

11.4.3 Bygningar i stølsområde.

- Oppføring av støls hus kan berre tillatast på/i tilknytning til etablerte stølar og i samband med landbruksnæring.
- Bygningar skal i form, materialbruk og fargebruk vera i samsvar med lokal byggeskikk i stølsområde.
- Største byggegrunnflate for einskildbygg skal vera 50 m², og største gavlbreidde 5 m.
- Evt. produksjonsbygg kan vera større.
- Bygningar skal ha saltak med fall 25-40 grader, og tekking av ikkje-reflekterande materiale.
- Gesimshøgde skal ikkje vera over 3 m over terreng, og mønehøgde skal ikkje vera over 5m over terreng.
- For bygningar på eksisterande grunnmur kan større høgder godkjennast.
- Ytterkledding skal i hovudsak vera liggjande panel av tre.
- Oppsetting av gjerde er ikkje tillate ut over naudsynt skjerming av inngangsparti for husdyr, og etablerte stølsgardar .

Heimel: PLBL § 11-11 pkt.1(jf. 11-7 nr 5 og 6)

Kap 11.7 Omsynssoner PLBL § 11-8 a, c og f

Omsynssoner kjem i tillegg til planføremålet, og fastset gjennom føresegn eller retningsliner kva for særlege omsyn som skal gjelda for tiltak i området.

- I denne planen er soner under PLBL§11-8 a, c, d og f tekne i bruk. S(sjå kap 11.6)
- Til soner under PLBL§11-8 a, d og f er det gjeve juridisk bindande føresegner.
- Til viste soner under PLBL§11-8 c) er det gjeve retningsliner. (kap 13.1)

11.7.2 Omsynssone med særlege omsyn (§11-8c)

Sosi-kode 1121 – bandlegging

Omfattar område som skal bandleggast etter PLBL eller som er bandlagd etter anna lovverk:

Omsynssone – område bandlagde etter Kulturminnelova. H730 (§ 11-8d)

Gjeld område i Luster kommune som er freda etter Kulturminnelova:

Freda og listeførde kyrkjer og mellomalder kyrkjegardar

	Lokalitet	Askeladden - RA	Status kulturminnelova / kyrjelova	Reguleringsplan
H730_1	Urnes stavkyrkje med kyrkjegard	Id-85729	Automatisk freda	Regulert spesialomr.
H730_2	Dale kyrkje, Luster	Id-84013-1	Automatisk freda	Regulert spesialomr.
H730_3	Dale kyrkjegard	Id-84013-2	Automatisk freda	
H730_4	Jostedal kyrkje, Jostedalen	Id-84744-2,3	Listeført	
H730_5	Gaupne Kyrkje, Gaupne	Id-84095-1	Listeført	Regulert
H730_6	Gaupne gamle kyrkje, Gaupne	Id-84236	Automatisk freda	
H730_7	Joranger kyrkje, Indre Hafslo	Id-84743-1,2	Listeført	
H730_8	Fet kyrkje, Indre Hafslo	Id-84129-1,2		
H730_9	Nes kyrkje, Nes	Id-85525	Listeført	
H730_10	Hafslo kyrkje, Hafslo	Id 84459		
H730_11	Fortun kyrkje, Fortun	Id-84152-2		
H730_12	Fortun gamle kyrkjegard	Id-35864	Automatisk freda	
H730_13	Solvorn kyrkje, Solvorn	Id-85525	Listeført	Regulert
H730_14	Solvorn gravplass	Id-84129	Automatisk freda	
H730_15	Saude kyrkjestad	Id-55201	Automatisk freda	

Vedtaksfreda bygg og anlegg

H730_16	Luster Prestegard – hovudbygning, stabbur og lysthus	Id-87330-1,2 og 3	Vedtaksfreda	Regulert spesialområde
H730_17	Christianeslyst sorenskrivargard, Solvorn	Id-86672-1,2,3,4,5,6,7 og 8	Vedtaksfreda	Regulert spesialområde
H730_18	Flahamar – hovudbygning	ID-87365	Vedtaksfreda	

H730_19	Bensinstasjon Skjolden	Id-87334	Vedtaksfreda	Regulert bygningsvern
H730_20	Ormelid bygningar og kulturlandskap	Id-132245-1,2,3,4,5,6,7,8,9,10,11 og 12	Vedtaksfreda 1-6, 7-9 ligg i freda område	

Mellomalderkyrkjestadane Fortun, Saue, Fet, Hafslo, Joranger, Jostedal, Nes og Solvorn:

Den mellomalderske kyrkjegarden er eit automatisk freda kulturminne. Innanfor mellomalderkyrkjegarden er gravlegging berre tillate i gravfelt som har vore i kontinuerleg bruk etter 1945. Gravfelt som ikkje har vore i bruk etter 1945 skal ikkje brukast til gravlegging.

Alle inngrep i grunnen eller andre tiltak som kan verka inn på det automatisk freda kulturminnet er ikkje tillate med mindre det ligg føre dispensasjon frå kulturminnelova.

Dale kyrkje, Gaupne kyrkje og Urnes stavkyrkje er automatisk freda kyrkjer. Bygging nærare kyrkja enn 60 meter er ikkje tillate etter kyrkjelova § 21 femte ledd, utan løyve frå biskopen. Saker som gjeld Dale kyrkje, Gaupne kyrkje og Urnes stavkyrkje eller omgjevnadene deira skal handsamast av Riksantikvaren som fattar vedtak etter kulturminnelova. Ved all planlegging av tiltak i omgjevnadane til kyrkja skal ein ta omsyn til plasseringa til kyrkja og verknaden i landskapet.

Heimel PLBL §11-8 d

Bandlegging for freding jfr kulturminnelova H730

Gjeld område som skal fredast jfr kulturminnelova §§15 og 19:

H730_21 Wittgenstein – oppstart av fredingssak i 2019

Heimel PLBL §11-8 d

Kap 12 Retningslinjer (ikkje juridisk bindande)

Retningslinjene er ikkje juridisk bindande, men er kommunestyret sitt råd og føringar til administrasjon og politiske utval ved forvaltning og handsaming av einskildsaker og plansaker.

12.1.3 Omsynssone kulturminne og kulturmiljø. H570

Planen viser utvalde kulturmiljø som:

- Har bevaringsstatus/vernstatus gjennom reguleringsplan
- Bevaringsverdig kulturmiljø som ikkje er regulert eller med i kommuneplan frå 2008.

Det bør ikkje tillatast tiltak som kan skada eller redusera kulturminneverdiane i områda.

Oppstillinga under skal reviderast og supplerast når kulturminneplan for Luster kommune er revidert.

Retningslinjer for omsynssoner vert fastsett i kulturminneplanen.

Flahamar: Omsynssona skal ta vare på verknaden av hovudhuset på Flahamar i omgjevnadane og ta vare på siktlinjene mellom huset og fjorden

Skjolden sentrum – Omsynssone som særskild omfattar bygningar knytt til historia om den verdskjende filosofen Ludwig Wittgenstein og bygningar i sentrum som er knytt til han og hans verksemd i Skjolden.

Område med bevaringsstatus/vernstatus gjennom reguleringsplan:

Område regulert til spesialområde kulturminnevern	Dokument førande for forvaltning av områda
H570_01 Ornes, området rundt stavkyrkja og ved kaia	Reguleringsplan og forvaltningsplan
H570_02 Solvorn, strandsitjarmiljø	Reguleringsplan og forvaltningsplan
H570_03 Urdi, Høyheimsvik, gardsmiljø	Reguleringsplan Høyheimsvik
H570_04 Dalsdalen, kulturlandskap, steinhus	Reguleringsplan Sage kraftverk
H570_05 Marifjøra, naust og sjøbu	Reguleringsplan Marifjøra sentrum
H570_06 Heggmyrane, tre separate kulturlandskapsområde	Reguleringsplan Heggmyrane

Bevaringsverdig kulturmiljø som ikkje er regulert eller med i kommuneplan frå 2019:

Høgdegardar H570_07 Fuglesteg og Furåsen med tilkomst, Fortun	Gardstun, bygningar: H570_30 Berget, Jostedalen H570_31 Steinstova, Fåberg
--	--

H570_08 Skåri, Mørkridsdalen	H570_32 Gardstunet Berge (Gnr. 12, Bnr. 1) i Fortun
Husmannsplassar: H570_10 Stuaflåten , Mollandsmarki H570_11 Hestaskårane, Luster H570_12 Fluga, Hafslø	Stølar: H570_40 Navarsete – Heggdalen, Gaupne H570_41 Øvste Stølsdalen, Fortunsdalen H570_42 Kringla, Dalsdalen
Kulturlandskap: H570_20 Austerrike (Witgenstein), Skjolden H570_21 Munthehuset med kulturlandskap, Kroken gard H570_22 Dalsdalen i Luster, stølsområde H570_23 Mølla og saga i Feiga (mølla/saga, turstien til fossen), Sørsida H570_24 Svendsøystølen, Fortunsdalen, steinmurar	Gamle ferdselsveggar: H570_50 Kongevegen frå Årøy (grense Sogndal) til Hestnes H570_51 Gamlevegen Galden – Solvorn H570_52 Kongevegen frå Hafslø til Marifjøra H570_53 Gamlevegen Sperla – Jostedal prestegard H570_54 Gamlevegen frå Kvålsviki til Ottum, Luster H570_55 Varderekka og gamlevegen Turtagrø, Sognefjellet, grense Lom

12.6 Kulturminne og kulturmiljø. PLBL §11-9 nr.7. Kulturminnelova
Omsyn til kulturminne og kulturmiljø skal inngå i all planlegging og alle byggesaker. I plan- og byggesaker som gjeld freda kulturminne, område regulert til spesialområde kulturminnevern eller ståande bygningar frå før 1850, skal det hentast uttale frå kulturminnestyresmakter.

Kjelder:

Sentrale kjelder som er brukt i både plandokument og vedlegg er:

Heimesider:

- <https://www.allkunne.no/framside/fylkesleksikon-soqn-og-fjordane/558/0/>
- <https://leksikon.fylkesarkivet.no/>
- www.fylkesatlas.no
- <https://askeladden.ra.no/Askeladden/Pages/LoginPage.aspx?ReturnUrl=%2fAskeladden%2fwww.kulturminnesok.no>
- <https://www.riksantikvaren.no/ordlister-med-ordforklaringar-nynorsk/>
- www.ra.no
- <http://kvitrud.no/lokalhistorie.htm> - Luster

Skriftelege kjelder:

- Forvaltningsplan for Ornes
- Forvaltningsplan for Solvorn
- Ætte- og gardssoga for Luster
- SEFRAK – kulturminneregistreringar for Luster
- Luster Sogelag 2012 : "Vi Arbeidere er ingen faatallig Hær": om husmannsvesenet i Noreg. Eivind York
- Åstveit 1998, Valvik & Åstveit 1999, Austad & Øye 2001, Øye et al. 2002: "Vestlandsgården - fire arkeologiske undersøkelser", Arkeologisk institutt UiB, 2002